



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2012

Hovudutval for plan og næring



Hovudutval for plan og næring legg med dette fram årsmelding for 2012.

Årsmeldinga er utarbeidd av plan- og samfunnsavdelinga og næringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Årsrapporten frå Innovasjon Norge er innhenta og ligg som vedlegg i dokumentet.

Leikanger, 16. mai 2013.



Hilmar Høl, Ap



Jorunn Eide
Kirketeig, Ap



Arve Helle, Ap



Karen Marie
Hjelmeseter, Sp



Aleksander
Øren Heen, Sp



Bjørn Hollevik,
H



Rita Navarsete,
Frp



Klaus Iversen, V



Olav Klungre,
Krf

Fylkesdirektør for plan og samfunn,
Svein Arne Skuggen Hoff

Fylkesdirektør for næring,
Jan Heggheim

Innhold

Politisk styring	4
Administrasjon	5
Plan og næring - arbeidsområde for sektoren.....	6
Økonomi	6
Regional planlegging	7
Samfunnsutvikling	8
Næringsutvikling.....	17
Vedlegg.....	25

Politisk styring

Hovudutvalet for plan og næring (HPN) er fylkeskommunen sitt hovudutval for plan- og næringssaker. Etter kommune- og fylkesvalet i september 2011, blei følgjande representantar valt til hovudutval for plan og næring i perioden 2011-2015:

Hovudutval for plan og næring 2011-2015	
Representantar	Vararepresentantar
Hilmar Høl, Ap, leiar	Bjørnar Førde, Ap
Jorunn Eide Kirketeig, Ap	Rita Ørnehaug, Ap
Arve Helle, Ap	Håkon Myrvang, Ap
	Marta Finden Halset, Ap
	Oscar Bergheim, Ap
Karen Marie Hjelmeseter, Sp, nestleiar	Gunn Sande, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp	Mari Andrea Næss, Sp
	Hallvard Hallstein Oppedal, Sp
	Kjetil Høgset Felde, Sp
Bjørn Hollevik, H	Jacob Andreas Nødseth, H
	Sven Flo, H
	Ingvild Standnes, H
	Yolima Ramsevi, H
Rita Navarsete, Frp	Lars- Svein Drabløs, Frp
	Britt Dalsbotten, Frp
	John Kåre Larsen, Frp
Klaus Iversen, V	Marianne Øren, V
	Gunnar Osland Mandelid, V
	Brynhild Lund Notøy, V
Olav Klungre, Krf	Beate Bondevik Lie, Krf
	Sissel Ommedal, Krf
	Jostein Ryland, Krf
	Hanne Sofie Sæterlid, Krf

Administrasjon

PLAN- OG SAMFUNNSAVDELINGA (PSA)

Anne-Lene Norman	Seniorrådgjevar, folkehelse
Elisabeth Veivåg Helseth	Rådgjevar, klima og miljø
Emma Bjørnsen	Fagkoordinator, folkehelse
Geir Lyngaas	Seniorrådgjevar, LUK, Bulyst (80 %)
Haakon Walnum	Seniorrådgjevar prosessleiing
Hanne Brekken Oppedal	Trainee
Heidi Karin Ekehaug	Rådgjevar
Idar Sagen	Seniorrådgjevar, energi og ressurs
Jo Tore Kristoffersen	Rådgjevar, GIS og analyse
Joar Helgheim	Rådgjevar, friluftsliv, fisk og vilt
Merete Farstad	Seniorrådgjevar vassforvaltning (80 %)
Mona Elisabeth Steinsland	Sivilarkitekt, tettstadforming (80 %)
Ove Henning Solheim	Prosjektleiar
Rosa Marie Skovli Øyrehagen	Rådgjevar og Internasjonal koordinator
Siren Skåmestø Juliussen	Rådgjevar
Svein Arne Skuggen Hoff	Fylkesdirektør
Torbjørn Hasund	Rådgjevar, plan og bygningslova (90 %)
Trond Sundby	Fagkoordinator

NÆRINGSAVDELINGA (NA)

Arne Monrad Johnsen	Seniorrådgjevar, regional FoU, innovasjon og utvikling
Audhild Schaathun	Seniorrådgjevar, næringsutvikling (50 %)
Audun Erik Sunde	Seniorrådgjevar, olje/gass/energi
Elisabeth Aune	Seniorrådgjevar
Endre Høgalmen	Ass. fylkesdirektør
Frode Hovland	Seniorrådgjevar, marin forvaltning
Jan Heggheim	Fylkesdirektør
Jan Ivar Rise	Rådgjevar/prosjektleiar
Kai Lille-Homb	Seniorrådgjevar (33 %)
Karoline Bjerkeset	Rådgjevar
Kristin Arnestad	Seniorrådgjevar
Lars Hustveit	Fagkoordinator
Lena Söderholm	Fagkoordinator, marin
Lisbeth Bringebøen	Rådgjevar
Maren Steinberg Lien	Rådgjevar

Plan og næring - arbeidsområde for sektoren

Ansvarsområda til plan- og samfunnsavdelinga (PSA) og næringsavdelinga (NA) høyrer til hjå hovudutvalet for plan og næring (HPN).

Plan- og samfunnsavdelinga

Plan- og samfunnsavdelinga har som overordna oppgåve å bidra til utvikling av fylket gjennom arbeidet med regional og lokal planlegging, lokalt utviklingsarbeid, klima, miljø og ressursforvaltning.

Avdelinga har og koordinatorrolla for folkehelsearbeidet til fylkeskommunen, rettleiingsansvar i høve kommunane når det gjeld planlegging etter plan og byggingslova, klima og miljø, friluftsliv og jakt og fiske. I tillegg ligg fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar og koordinatoransvar knytt til vassdragssaker i avdelinga.

Avdelinga har og ansvar for utvikling av fylkeskommunen sin politikk på områda internasjonalt arbeid, ungdom og innvandring. Avdelinga har også fått eit viktig samordningsoppdrag på tvers av avdelingane for å bidra til at fylkeskommunen står fram mest mogleg heilskapleg i høve partnerskapen.

I tillegg har avdelinga ansvar for andre fellessoppgåver som utvikling og bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) og andre verkty for statistikk og analyse.

Næringsavdelinga

Næringsavdelinga gjev fylkespolitikarane eit godt fagleg grunnlag for å utforme næringspolitikk. Næringsavdelinga si overordna oppgåve er å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket, og dette er ein viktig del av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Gjennom partnerskap med ei lang rekke aktørar i fylket, er næringsavdelinga med på å gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar, samstundes som også eksisterande næringar skal verte vidareutvikla.

Næringsavdelinga arbeider tett med kommunane i fylket og Innovasjon Norge for at næringsliv og etablerarar skal lukkast. I 2012 har fagleg innsats frå næringsavdelinga særskilt vore på hovudsatsingsområda energi, entreprenørskap, forskning og utvikling, kommunal næringsutvikling, landbruk, marin og reiseliv.

ØKONOMI

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 121,055 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2012. Desse midlane gjekk til næringsarbeid, regional planlegging, lokal samfunnsutvikling, folkehelse og miljø og naturressursar. Sjå tabell for større satsingar.

I tillegg kom midlar som Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) tildelte på 38,13 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane vart forvalta av stiftinga Interkommunal næringsretta utviklingsordning - Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF) på grunnlag av handlingsplan som vart godkjent av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen vart og tildelt 8,09 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning.

Inkludert restmidlar vart det tildelt 10 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning:

- 8 mill. kr vart fordelt til fiberprosjekt.
- 2 mill. kr vart fordelt til mobil og andre breibandsløsingar.

Fylkestinget vedtok i april ein breibandstrategi for fylket. Innan 2020 skal alle innbyggjarar i Sogn og Fjordane ha tilbod om andre generasjon breiband (>30 Mbit/s), mens næring og offentlege tilbod skal ha tilbod om >100 Mbit/s. Strategien er teknologinøytral, men fiber vert sett på som den mest framtidsretta.

Strategien til Sogn og Fjordane fylkeskommune er i tråd med EU sin Digital Agenda for 2020. Breiband er eit viktig satsing i fylket som påverkar bu- og arbeidsattraktivitet. Satsinga vil halde fram i 2013 og framover.

Større satsingar	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	45	46	41,7	41,7
Omstillingsarbeid i kommunar	7,7	9,3	9	18,5
Kommunale næringsfond	12,4	14,5	18,5	7,2
Reiselivssatsing	6,1	6,9	10,9	11,2
Tettstadutvikling	5,1	5,6	5,2	5
Folkehelsesatsing	2,2	4,5	4,75	4,75

Tabell: Større satsingar i mill. kr.

Regional planlegging

PSA og NA har ansvar for regional planlegging innan fagfelta til avdelingane. I tillegg har PSA ei samordnande rolle i høve alle regionale planar¹.

REGIONAL PLANSTRATEGI

I ny planlov er fylkesplanen erstatta med regional planstrategi som einaste lovpålagde oppgåve. Fylkestinget skal vedta den regionale planstrategien seinast året etter konstituering av nytt fylkesting.

Fylkestinget har vedteke følgjande:

16. oktober 2012

1. Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012 – 2016 vert vedteken som førande for arbeidet med regional planlegging i perioden.
2. Fylkestinget vedtek å utarbeide følgjande nye regionale planar:
 - Regional transportplan
 - Regional plan for skulebruk / Skulebruksplanen
 - Regional plan for verdiskaping
 - Regional plan for folkehelse
 - Regional plan for kystområda
3. Fylkestinget vedtek å revidere følgjande plan:
 - Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 – 2016
4. Gjennomføring av planarbeidet skal skje i tråd med tidsaksen vist i saka, dette for å sikre samsvar med økonomiplanen og tilgang på personalressursar.
5. Fylkestinget vil i desember ta stilling til om planstrategien skal bli komplettert med utarbeiding av geografisk avgrensa regionale planar.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte utarbeiding av planstrategi for perioden 2017 – 2020 i løpet av 2015.

11. desember 2012

1. Fylkestinget vedtek at den regionale planstrategien for Sogn og Fjordane 2012 – 2016 vert komplettert med utarbeiding av ein geografisk avgrensa regional plan for kystområda.
2. Hovudtemaet i planen blir knytt til avklaring av arealspørsmål på land og dei nære sjøområda.
3. Nærare avgrensing av planområde og tema vert gjort etter ein dialog med kommunane. Fylkesutvalet vil få seg førelagt eit planprogram som tydeleggjør dette.

4. Regional plan for kystområda må sjåast i nær samanheng med plan for verdiskaping og regional transportplan vedkommande utviklingspotensiale i kystområda.

FORVALTNINGSPLAN FOR VATN – VASSREGION SOGN OG FJORDANE

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndigheit for vassregion Sogn og Fjordane og har ansvar for å utarbeide Regional plan for vassforvaltning.

I 2012 var det arrangert ein scenariokonferanse om dei viktigaste trendane og utfordringane for vassmiljøet. Om lag 60 personar deltok på konferansen. Målgruppe for samlinga var vassregionutvalet og regional referansegruppe. Så langt plassen tillét det, var konferansen og ope for lag, organisasjonar og interessentar som ikkje er medlemar av den regionale referansegruppe. Vassregionutvalet består av kommunar, fylkeskommunar og sektorstyresmaktar. Regional referansegruppe består av interesseorganisasjonar.

Vassregionen er delt inn i fire vassområde: Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Det er etablert eit vassområdeutval for alle vassområda. Kwart vassområde har tilsett ein prosjektleiar. Prosjektleiaren er finansiert av eit spleiselag mellom kommunane 50 %, fylkesmannen skjønsmidlar 25 % og fylkeskommunen 25 %. Fylkeskommunen har gitt 0,780 mill. kr i tilskot til vassområda for 2012 (0,3 mill. kr i egne midlar, resten frå statlege overførte midlar til drift av vassområda og vassregionen). Fylkeskommunen fekk i 2012 overført 0,425 mill. kr til drift av vassregionen og 0,175 mill. kr øyremerka vassområda frå Direktoratet for naturforvaltning.

I 2012 bidrog vassområda med datagrunnlag til å vurdere miljøtilstanden i vassområda. Alle vassområda utarbeida eit dokument som omtalte vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområda. Fylkeskommunen utarbeida eit dokument kalla Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassregionen. Det låg ute til høyring i 6 månadar frå 2. juli 2012. Arbeidet med ein tiltaksanalyse for kvart vassområde starta opp i 2012. Tiltak skal vurderast og omtalast med nytte-kostnadsanalyse for alle vassførekomstar med for dårleg miljøtilstand. Tiltaksanalysen skal sendast fylkeskommunen innan 15. november 2013. Tiltaksanalysen er eit viktig grunnlag for å utarbeide forvaltningsplanen med eit tilhøyrande tiltaksprogram for vassregionen.

VASSKRAFTPLAN

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging vart vedteken av fylkestinget 11. desember 2012, sak 61/12. Han vert lagt til grunn for fylkeskommunal verksemd og skal vere retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd i regionen. Fylkeskommunen ser vasskraftutbygging som eit positivt bidrag til nærings- og bygdeutvikling, så sant det ikkje skjer på kostnad av andre regionalt/nasjonalt viktige verdiar.

Planen inneheld ei kartlegging av registrerte verdiar innanfor planområdet (heile fylket med unntak av verna område). Fagtema som er kartlagt er; Landskap, Biologisk mangfald, Inngrepsfrie naturområde (INON), Fisk og fiske, Kulturminne og kulturmiljø, Friluftsliv og Reiseliv. Planen har også fylkeskommunale retningslinjer som skal sikre betre ivaretaking av verdiar som er knytt til ulike fagtema, dersom

¹ Regional plan etter plan og bygningslova kapittel 8 eller interkommunalt plansamarbeid etter plan og bygningslova kapittel 9.

nasjonale retningslinjer er utilstrekkelege sett frå eit regionalt perspektiv. Målet med dei fylkeskommunale retningslinjene er å medverke til at natur- og kulturverdiar, som er spesielt viktige i forhold til næringsutvikling og trivsel i vårt fylke, vert tekne i vare på ein god måte.

REGIONALE PLANAR FOR VILLREINOMRÅDE

Regionale planar for Nordfjella² og for Ottadalsområdet³ er under utarbeiding. Dette er planarbeid som er starta opp etter oppmoding frå Miljøverndepartementet. Planane skal gje føringar for forvaltning av nasjonale villreinområde. Fylkesutvalet vedtok den 7. november 2012 å leggje framlegg til regional plan for Ottadalsområdet ut til offentleg ettersyn.

MOTSEGNSSAKER

I 2012 vart det reist 22 motsegner av Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane til kommunale arealplanar. 12 saker vart fremja av miljøvernavdelinga, 10 av beredskapsavdelinga. Fylkesmannen si landbruksavdeling og fylkeskommunen røyste ikkje motsegn.

Sju motsegner frå miljøvernavdelinga gjaldt strandsona. I ni av ti motsegner frå beredskapsavdelinga var manglande omsyn til/utgreiing om klimaendringar nemnt som grunnlag.

PLANFORUM

Planforum som fylkeskommunen er leiar og sekretariat for er møtestad for kommunane og regionale aktørar innan arealplanlegging.

Det har følgjande mål:

- Samarbeid om kommunal planlegging i tråd med nasjonale og regionale mål og utfordringar.
- Kome inn i plansaker på tidleg tidspunkt, og vere med å redusere konfliktnivå og løyse utfordringar.

Planforum har tradisjonelt vore nytta i arealplansaker. Etter endringane i plan- og bygningslova er det lagt større vekt på kommuneplanens samfunnsdel. Samfunnsdelen famnar om heile kommunesamfunnet. Samansetninga av planforum har vore tilpassa dette. Det vart halde 14 planforum i 2012. I 5 av møta var samfunnsdelen tema.

Samfunnsutvikling

PROGRAMARBEID - OPPFØLGING AV FYLKESPLAN

2012 var siste året i fylkesplan vedtatt i 2004, jamfør omtale av regional planstrategi. Det er tre program som har vore i drift i 2012. Desse har vore evaluerte og vurderte med omsyn til vidareføring.

FORNYING AV OFFENTLEG SEKTOR

Representantar frå Fylkesmannen, Kommunenes Sentralforbund (KS), Rådmannsutvalet i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har delteke i programmet i 2012.

Mål og satsingar

Dei overordna måla som ligg til grunn for programstyret sitt arbeid er forankra i fylkesplanen sin handlingsplan Folkestyre, medverknad og offentleg verksemd:

- styrke folkestyre, medverknad og fornying av offentleg sektor
- utvikle ein robust offentleg sektor som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane og produserer tenester med høg kvalitet for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor

Programstyret har mål om å

- Samordne ressursbruk i arbeidet med å fornye offentleg sektor i fylket.
- Etablere nettverk og arenaer for å utveksle erfaring og læring i sektoren.
- Etablere fylket som leiande i bruk av IKT som verkty for å effektivisere, brukardialog og tenester.

Programmet skal vere ein arena for koordinering og samarbeid mellom nært slekta utviklingsarbeid.

Aktivitet

For 2012 sette Fylkesmannen av 5 mill. kr av skjønnsmidlane til fornying av offentleg sektor. Fylkeskommunen løyvde 2,4 mill. kr av utviklingsmidlar. Det vart i tillegg overført kr 34 860, frå tidlegare år og tilbakebetalt 0,5 mill. kr frå ikkje gjennomførte prosjekt (motivasjon og meistring i det 13-årige skuleløpet). Det vil seie 2 934 860 kr av fylkeskommunale utviklingsmidlar i 2012.

Midlane blei brukt slik:

Mottakar	mill. kr.
Sats på skulen - snu Sogn (barnehage og entreprenørskap)	0,450
Norsk for framtida - del 2	0,500
Meldingsløftet fase 1	0,730
e-Handel i Nordfjordkommunane	0,470
Felles GIS i Nordfjord	0,400
Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (FFHIS)	0,100
Frisklivssentral og betre folkehelse	0,125
Betre digital dialog i ein multikulturell kommune	0,400

Tabell: Oppfølging av fylkesplan

Programstyret vart vedteke nedlagt frå nyttår 2013 (FU-sak 155/12). Det vart samstundes vedteke at det skulle vidareførast eit samarbeid med Fylkesmannen⁴. Det nye samarbeidet fekk namnet «Samhandling om fornying og utvikling av offentleg sektor».

² Grensefjella mellom Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane
³ Fjellområde mellom Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

⁴ Fylkesutvalet har seinare slutta seg til eit framlegg til tosiding avtale mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen i sak 6/13.

I budsjettet for 2013 vedteke av fylkestinget 11. desember vart det sett av 2,5 mill. kr til vidareføring av samarbeidet.

Resultat

Det godt organiserte og gjennomførte programarbeidet har bidrege til ei samla utvikling som truleg elles ikkje hadde funne stad i same omfang. Det gjeld i høve til fornying, samarbeid, erfaringsutveksling og effektivitet i kommunane. Programmet har sikra kommunane ressursar til prosjekt som elles ikkje hadde late seg gjennomføre, i følge KS Sogn og Fjordane.

PROGRAM FOLKEHELSE OG LIVSUTFALDING

Folkehelselova av 2010 og Ny folkehelselov av 2012 har hatt innverknad på programmet dei siste åra. Då programmet vart starta var folkehelse ei frivillig oppgåve for fylkeskommunane, og samarbeidet med andre instansar på fylkesnivå, spesielt Fylkesmannen, var viktig for å utvikle eit godt arbeid i fylket.

Innhaldet og fokuset i programmet har endra seg i tråd med nytt lovverk, og omfatta i 2012 tiltak knytt til konkrete tema. I tillegg har programstyret teke opp nasjonal politikk, overordna føringar og strategiar til diskusjon. Partnerskap for folkehelse, oppfølginga av kommunane og kompetanseheving, som tidlegare var lagt til programmet, er vorte lovpålagde oppgåve for fylkeskommunen. PSA har eit overordna ansvar for oppfølging av desse oppgåvene.

Deltaking

Representantar frå Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde og fylkeskommunen har delteke i programmet i 2012.

Aktivitet

Programmet nytta totalt 2,095 mill. kr frå fylkeskommunen som vist i tabell folkehelse og livsutfalding.

Satsing	mill. kr.
Fysisk aktivitet, lågterskel,	0,130
Danseverkstad	0,204
Trygge lokalsamfunn	0,490
Frisklivssentralar	0,470
Fiskesprell/ernæring	0,380
FoU	0,270
Høgskulen, tverrsektoriell master,	0,050
Anna	0,100

Tabell: Folkehelse og livsutfalding

Resultat

Tiltaka som er gjennomført er målretta og svarar på nasjonale og regionale utfordringar. Kompetanseheving er ein viktig del innanfor fleire av områda. Det gjeld spesielt ernæring og Fiskesprell-satsinga der kurs for tilsette i barnehage og skule er hovudaktiviteten. Det vart i 2012 teikna avtale mellom plan og samfunnsavdelinga og Luster vidaregåande skule om drift/ gjennomføring av hovudsatsingane på ernæringsområdet.

Det er etablert eit stort nettverk av samarbeidspartar på ulike nivå som er viktige bidragsytarar til arbeidet både lokalt og på fylkesnivå.

SPESIELLE SATSINGAR

PSA er involvert i nokre tidsavgrensa satsingar for utviklingsarbeid innan sine fagfelt.

LOKAL UTVIKLING I KOMMUNANE

Fylkeskommunen deltek i KRD si satsing på lokal samfunnsutvikling (LUK). Satsinga skal betre fylkeskommunen sin kapasitet og kompetanse til å styrke kommunane som utviklingsaktørar samt styrke deira kontinuerlege arbeid med å bygge opp attraktive lokalsamfunn. Private initiativ skal vere godt integrerte i utviklingsarbeidet. Fylkeskommunen gjer ein innsats for metodeutvikling, med stor vekt på forankring av lokal samfunnsutvikling i overordna kommunale planar. LUK vert sett i samanheng med andre satsingar, prosjekt og arbeid som blant anna Bulyst, kommunal næringsutvikling, kommune kanalen, fylkesspegelen og analyse- og utfordringsdokumentet. I tillegg skal LUK-satsinga koplatt saman med ulike kommunale prosjekt. Distriktsenteret skal bidra med å hente ut metodekunnskap frå arbeidet som kan nyttast til overføring og læring.

«GLAD I GAULAR»

«Glad i Gaular» er eit pilotprosjekt og eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Gaular kommune. Samarbeidet starta i januar 2012 og held fram ut 2013.

Med prosjektet ynskjer vi å vise korleis vi kan skape meir og betre innovasjon og utvikling i lokalsamfunnet gjennom strategiske og inkluderande prosessar på tvers av sektorar, fag og samfunnslag. Prosjektet er knytt til utvikling av Sande sentrum i Gaular kommune. Kommunestyret eig prosessen med formannskapet som styringsgruppe. Administrasjonen med prosjektleiarar har fått brei rettleiing av fylkeskommunen gjennom heile prosessen. Utvalde samfunnsrepresentantar har delteke på seks ulike medverknadsverkstader i ein grundig og kreativ prosess der vi har nytta varierte og tilpassa metodar i gjennomføringa.



Fylkeskommunen har nytta Oneflow Prosessmodell® i planlegginga og gjennomføringa av prosessane. Denne metoden har ei heilskapleg, berekraftig og innovativ tilnærming til samfunnsutvikling, og går djupare, breiare og lenger enn tradisjonelle medverknadsopplegg. Den skil seg ut i måten den synleggjer lokalsamfunnet sin unike karakter og utviklingspotensial, og koplingar og moglegheiter mellom samfunnsaktørane på tvers av sektorar og fag, og korleis dette blir integrert inn i eit utviklingsorientert mål- og framtidsbilete. Knytt til dette er synleggjering av viktige framtidige utfordringar og behov, og utvikling av relevante og innovative idear og tiltak for å møte desse behova, sentrale aspekt ved metoden.

Fase 2 av prosjektet blir gjennomført i 2013. Her jobbar vi meir konkret med tettstadforming, arealplanar, strategiar og prosessar knytt til korleis lokalsamfunnet ynskjer å realisere sitt framtidsbilete.

Resultata av prosjektet har vore svært positive. I tillegg til ei god og djuptgåande framstilling av det ovanneemde har lokalsamfunnet tatt eigarskap og delt ansvar for innhaldet og prosessane i den vidare utviklinga, med ny innsikt i sitt eige nærmiljø og ny læring på begge hald om korleis ein kan bidra til og samarbeide i samfunnsutviklinga.

BULYST

KRD si Bulyst-satsing har som føremål å leggje til rette for auka bulyst og meir attraktive lokalsamfunn. Satsinga vert vurderte i samanheng med andre satsingar.

Det vart lagt vekt på at prosjekta er godt forankra, og at dei er nyskapande og har overføringsverdi. Prosjekta jobbar med ulike utviklingsoppgåver som tilflytting, integrering, bustadutvikling, ungdom og entreprenørskap, kulturnæring, reiseliv og andre formar for lokal samfunnsutvikling for auka attraktivitet - bulyst. 2013 er siste utlysingsår.



Tildeling av bulyst-midlar. Frå venstre leiar i Værlandet Vel, Audun Oddekalv, ordførar i Askvoll, Frida Melvær, kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete, ordførar i Luster, Ivar Kvalen, leiar i Jostedal Bygdelaag, Svein Norberg og fylkestingsrepresentant Odd Atle Stegegjerdet. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane har fått tilsegn på 10 prosjekt frå KRD. Sju av desse har fylkeskommunal medfinansiering - to prosjekt er avslutta.

- Tun+, Solund og Sogndal - Berekraftig og sosial bustadbygging med massivtre, tunstruktur og lokal tilpassing (avslutta).

- Huset i Bygda, Sogn og Fjordane ungdomslag - Kurs, og rettleiing for å styrke ungdomshusa som gode og kreative møteplassar rundt om i Noreg (avslutta).
- Kulturbasert entreprenørskap, Lærdal - Tiltak basert på kultur og næringsutvikling, arrangement og attraktivitet. Auka attraktivitet for ungdom.
- BuiStryn - Designlandet, Stryn - Bruke design som ressurs for å skape bulyst og attraktivitet.
- VAKN - Vårt akademi for kultur og næring, Nordfjordeid - Utvikle kulturbaserte næringar i Eid og Nordfjord-regionen.
- PreForm, Fjaler - Kunst- og kulturproduksjonar som ressurs i bygdeutvikling.
- Solund til 1000, Solund - Bustad, utvikling, levande liv, yrkesmangfald, samordning og tilknytning.
- Bratt Moro, Sogndal - Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremisport.
- Pendling- Bulyst, Nye Bremanger - Gjere det enklare for pendlarar med små born. Auka samhandling, næringsliv, NGO, individ, og offentleg sektor.
- Fjellfolk, havfolk og byfolk, Værlandet Vel og Jostedalen bygdelaag, Askvoll og Luster - Skape bulyst og attraksjonsverdi av naturbaserte reiselivsopplevingar.

VERDSARV/NATUR OG KULTURPARKAR

«Naturen som verdiskaper» er eit 5-årig verdiskapingsprogram (2009 - 2013) initiert av Miljøverndepartementet⁵. Føremålet er å auke verdien av verneområde og andre naturområde med spesielle kvalitetar.

Programmet skal legge til rette for at slike område «blir ein viktig ressurs for sosial, kulturell, miljømessig og økonomisk utvikling og gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping basert på naturarven, samtidig som områda vert forvalta slik at naturens mangfald vert teke vare på.»

Sogn og Fjordane deltek med 3 område/prosjekt: HAFS-kommunane/«Kystarven», Luster/ «Mellom fjell, fjord og folk» og Aurland/prosjektet "Verdiskaping skjer i møtet" i regi av stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark.

Fylkeskommunen budsjetterer med 0,9 mill. kr per år i programperioden. I 2012 vart det gjeve tilsegn om 0,250 mill. kr til prosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» i Luster og 0,590 mill. kr til prosjektet «Verdiskaping skjer i møtet» til stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark.

2013 er siste året i programmet «Naturarven som verdiskapar». Fylkesdirektøren vil derfor i forkant av budsjettprosessen kome med eit framlegg til korleis fylkeskommunen kan bidra med fagleg og økonomisk støtte til det vidare arbeidet med berekraftig forvaltning og verdiskaping i Verdsarvparken.

⁵ Det er plukka ut 10 område i heile landet etter ein søknadsrunde.

RETTLEIING OG VERKTY

PLANLEGGING OG RETTLEIING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Fylkeskommunen rettleiar og samarbeider med kommunane i planarbeid etter plan- og bygningslova. Plandelen (som tredde i kraft i 2009) til ny plan- og bygningslov stiller krav om at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide planstrategiar (høvesvis kommunale og regionale).

Regional planstrategi og regionale planar er retningsgjevande for kommunane i plan- og utviklingsarbeid. Den nye lova legg også større vekt på kommuneplanens samfunnsdel.

Kommuneplanens samfunnsdel og kommunale planstrategiar har vore prioritert i PSA sitt arbeid mot kommunane i 2012. Desse planverktya var m.a. tema for eit todagars planseminar⁶ i 2012. 18 kommunar hadde innan utgangen av 2012 vedteke planstrategi.

GEORGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM

Ved utgangen av 2012 hadde fylkeskommunen 17 maskiner med programvare for geografiske informasjonssystem (GIS-program). Fylkeskommunen brukar ArcMap 10.1 og ArcPad 10 for å lage kart og vise geografisk informasjon. I 2012 investerte vi i tilleggssproduktet Network Analyst. Det kan brukast til å analysere køyretider og -lengder, t.d. kva som er optimal plassering av verksemdar sett i høve til køyretid. Network Analyst blei teke i bruk til nokre enkle analysar i 2012. Vi reknar framover med å bruke det til analysar i samband med regionale planar.

GIS har i løpet av 2012 vore brukt til:

- Registrering av busshaldeplassar i fylket.
- Registrering av fylkeskommunale eigedommar.
- Kart som illustrerer folketalsutvikling på kommune- og grunnkretsniå til bruk i Fylkesspegel.
- Planlegging av feltsesong på kulturavdelinga for feltregistrering.
- Bruk i felt under registrering av busshaldeplassar og kulturminne.
- Framstilling av kart i samband med kulturminneregistrering.
- Analysar i samband med regional transportplan.
- Stadnamnregistrering hjå Fylkesarkivet.

PSA har i høve GIS ansvar for å yte hjelp til dei andre avdelingane i fylkeskommunen. Dette gjeld m.a. innkjøp og drift av GIS-program.

FYLKESATLAS

Føremålet med Fylkesatlas er å gje ein samla tilgang til ulike tema/geografiske data i Sogn og Fjordane. Målgruppene er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private.

Vi har fått mange og gode tilbakemeldingar på at kartløysninga vert nytta til sakshandsaming i ulike samanhengar.

Fylkesatlas fekk nye funksjonar i 2012. M.a. kan ein lage høgdeprofil for eigendefinerte strekningar og få fram dato på flyfoto. Det er også optimalisert for bruk på nettbrett. I tillegg er tilgang til søkefunksjonar vorte betre og det er kome teiknforklaringar til alle temalag.

HELSEOVERVKAKING

Etter lov om folkehelse skal fylkeskommunen utarbeide oversikt over helsesituasjonen i fylket og korleis denne fordeler seg sosialt. Oversikten skal ligge til grunn for plan- og strategiutforming og prioritering av tiltak. Fylkeskommunen skal gjere desse opplysningane tilgjengeleg for kommunane og andre til bruk i deira arbeid.

I 2011 vart det gjort ei spørjeundersøking i 6. og 8. klassetrinna i fylket. Resultata vart tilgjengelege for oss tidleg på hausten 2012. Data er lagt inn i Samhandlingsbarometeret⁷ som Helse Førde eig, og er også omtala i Fylkesspegelen⁸.

Hausten 2012 vart det gjennomført ei undersøking blant alle elevane (17 år) i andre klasse i dei vidaregåande skulane i fylket. Høgskulen i Sogn og Fjordane si avdeling for helsefag hadde ansvar for gjennomføringa i samarbeid med skulane. Undersøkinga besto av eit spørjeskjema, måling av BMI og blodtrykk. Siste delen vart gjort av sjukepleiestudentar. Resultat frå undersøkinga vert tilgjengeleg våren 2013.

STADUTVIKLING

STADFORMING OG TETTSTADUTVIKLING

Tettstadutvikling gjennom tettstadforming er ei satsing i fylkeskommunen innanfor kultur, folkehelse, næringsutvikling og læring.

Utnytting og fortetting av areal med særpreg og kvalitet skal bidra til å skape trygge og gode miljø, og gjere offentlege bygningar, strukturar og utomhusrom attraktive og brukande/tilgjengelege for alle.

Fylkeskommunen si tilskotsordning er ei drivkraft i dette arbeidet. Midlane går til kommunale tiltak/prosjekt (i form av analysearbeid, styrka medverknad og opparbeiding) i sentrumsområde. Det vart tildelt 4,9 mill. kr i 2012.

⁶ Seminaret vart arrangert i samarbeid med Forum for kommunal planlegging og GeoForum Sogn og Fjordane

⁷ <https://samhandlingsbarometeret.no/>

⁸ http://www.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/pages/Statistikk_og_analyse



Plakat Måløy 2012. Illustrasjonen viser visuelt vårt innspel til utforming av områdeplan for Måløy sentrum. Dei kvite felta viser framtidig allmenningssstruktur (lysningar) i Måløy. Allmenningssstrukturen skal sikre fri allmenn ferdsel opp og ned i byen og Måløys naturverdiar, til sjø og fjell. Illustrasjon: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Tilskot og prosjekt fordelte seg slik:

Prosjekt	mill. kr.
Vågsøy, Stadanalyse	0,350
Gaular, Stadanalyse	0,350
Leikanger, Sentrumsplassen, delprosjekt	2,500
Jølster, Strandpromenade Skei	0,525
Flora, Folk i sentrum, delprosjekt «blå promenade»	0,320
Naustdal, Stadanalyse Vevring	0,100
Jølster, Vassenden prosjektet, moglegheitsstudie	0,052
Sogndal, Fjordsti og elvepark	0,816

Tabell: Stadforming og tettstadutvikling

Utdrag frå arbeidet med ny områderegeringsplan for Måløy sentrum. I arbeidet set me fokus på å sikre Måløys felles verdiar og allmenn tilgang til desse og allmenningssstrukturen finn me att i framlegg til byplan for Måløy i 1919. I arbeidet med områdeplanen er hovudsaken å regulere felles struktur og rom for ålmenta, for så å opne for fortetting av sentrum.

Allmenningane er primær i det å sikre almen tilkomst til Måløys naturverdiar og kvalitetar for å sikre særprege og identitet, samt sikre ein variert og valfri tilkomst opp og ned i byen.



Måløy torg 2012. Kvitt golv på torget syner heile flata (golvet) mellom bygga som ligg til torget. Det snødekte golvet syner og «lysninga» og relasjonen til sjø (sund) godt, samt at snøen reflekterer himmellyset (naturleg dagslys) og himmelen. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Lysningane (allmenningane) kan og sjåast som «lysningar» og sikrar naturleg dagslys ein tettare bygd by.

STRANDSONEPLANLEGGING

Målet med tilskotsordninga for strandsoneanalyse er å stimulere kommunane til å kvalitetssikre planlegginga i strandsona utanfor sentrumsområda. Det var sett av 0,3 mill. kr i budsjettet for 2012. Gulen kommune bruker strandsoneanalyser for alle kommunedelplanane sine⁹ og fekk tilsegn på heile potten i 2012 (Byrknes og Ytre Oppedal, 0,3 mill. kr, Ferdig rapport i 2013).

FOLKEHELSE

FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

Fysisk aktivitet

Kvart år vert statlege midlar til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv lyst ut i lokalavisene. Frivillige organisasjonar kan søkje denne ordninga til oppstart/drift av tiltak. I 2012 vart 1,050 mill. kr fordelt. Av desse kom 0,761 mill. kr frå staten og resten frå fylkeskommunen. Målet med ordninga er å fremje fysisk aktivitet for inaktive og utjamne sosiale skilnader i helse. Tiltak som er forankra i kommunale planar vert prioritert. I 2012 vart det gitt eit større beløp til 5 samarbeidsprosjekt mellom kommunen og frivillige organisasjonar.

Det vart teikna 3-årig utviklingsavtale med Skikrinsen om gjennomføringa av prosjektet «Ski i skulen» og «Ut på Ski». Sistnemnde er eit skiltilbod til innvandrar gjennom eit pilotprosjekt i Stryn Kommune.

I 2012 vart det lyst ut tilskot til «Utstyrssentral» for ungdom i regi av kommunar. Omlag 0,6 mill. kr vart fordelt til Høyanger, Gloppen, Hyllestad, Leikanger, Selje, Førde, Vik og Flora. Føremålet med utstyrssentralen er at manglande utstyr ikkje skal vere til hinder for at unge skal kunne delta i aktivitet og friluftsliv. Utstyret skal administrerast av kommunen og vere lett tilgjengeleg for all.

Friluftsliv

Arbeid med regional plan for fysisk aktivitet er i gang. Det er kulturavdelinga som leiar arbeidet, men PSA (og dei andre avdelingane) er representerte i arbeidsgruppa. Planen vil fastsetje kva strategiar vi skal arbeide etter innanfor fagområdet friluftsliv.

Fylkeskommunen fordelar statlege tilskotsmidlar til friluftslivstiltak. Dei rammene som låg til grunn i 2012 var 0,410 mill. kr til motiverings-/stimuleringstiltak og 0,550 mill. kr til tiltak i statleg sikra friluftsområde.

18 søknader vart handsama, desse hadde eit samla søknadsbeløp på 2,4 mill. kr. Av dette 1,4 mill. kr til motiverings-/stimuleringstiltak og 1 mill. til tiltak i friluftsområde. I alt fekk 13 søkjarar tilskot til motiverings-/stimuleringstiltak. Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane fekk m.a. 0,12 mill. kr for å drive nettverks-arbeid mellom friluftorganisasjonane i fylket. To søkjarar fekk tilskot til tiltak i friluftsområde. Største tilskot var 0,479 mill. kr og gjekk til natur- og kultursti i friluftsområde Brendøya/Prestøya

9 Prosjektrapport frå 2011 for Delområde 1:

Eivindvik, Brandangersundet og Sløvåg.

<http://gulen.custompublish.com/getfile.php/2114010.1286.ucrttecrds/2011-05-18+Strandsoneanalyse+for+Gulen+kommune+delomr%C3%A5de+1.pdf>

(ved Kystmuseet) i Flora kommune. Tiltaket vert utført av Kystmuseet.

Fylkeskommunen var i 2012, som i 2011, med på å dele ut til saman 1,2 mill. kr i støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med om lag 0,34 mill. kr. Resten av midlane kom frå Gjensidigestiftinga.

Friluftssenteret Nordfjord ved Firda vidaregåande skule vart støtta med 0,175 mill. kr. HPN sak 58/12. Prøveordninga med 0,2 mill. kr i grunnstønad til Sogn og Fjordane turlag vart vidareført. Det vart inngått intensjonsavtale om å utarbeide og signere utviklingsavtale i løpet av 2013.

UNIVERSELL UTFORMING

Fylkeskommunen har saman med Fylkesmannen og kommunane Flora, Førde og Sogndal delteke i Nasjonalt nettverk og utviklingsprosjekt for universell utforming i fylker og kommunar. Det er etablert eit fylkesforum for universell utforming som samlar menneske og organisasjonar på ulike samfunnsområde. Målet er å dele og tileigne seg ny kunnskap, og å gje ulike sektorar same grunnlag og forståing for fagfeltet.

Det er gjennomført seminar om universell utforming og friluftsliv, seminar om universell utforming og kollektivtransport og drosje, praktisk retta kurs i universell utforming for handverkarar og byggebransjen, K5 kompetansekurs, kurs om universell utforming og tekstformidling og kommunikasjon og ulike nettverksmøter. Det har gjennom dette òg vore arbeid med utvikling av kompetanse og arbeidsformer som bidreg til å løyse samansette oppgåver innan planlegging.

TRYGGE LOKALSAMFUNN

Det er starta opp ei langsiktig satsing på skadeførebyggjande arbeid og gjennomført kompetanseprogram og fagseminar der kommunane Flora, Førde, Gloppen, Eid, Luster, Balestrand, Årdal og Høyanger deltek. Det er etablert ei referansegruppe der Helse Førde, Fylkesmannen, Høgskulen, Trygg trafikk, Kriminalomsorga, Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU), FFO, KS, NAV og Røde kors er med. Hausten 2012 har fleire nye kommunar meldt interesse for å delta, og desse vert invitert og inkludert med frå 2013. Det har vore jobba spesielt med å integrere universell utforming i arbeidet med Trygge lokalsamfunn. Kommunane som deltek har fått tilbod om å nytte seg gratis ekstern prosessrettleiing, og tre kommunar har takka ja til tilbodet.

Som ledd i det skade- og ulykkesførebyggjande arbeidet vart det i 2012 teikna ein 3-årig avtale med Redningsselskapet i Sogn og Fjordane som sikrar dei 0,075 mill. kr i årleg støtte. Dette gjer at redningsselskapet kan planlegge og gjennomføre fleire av sine tiltak utan å måtte søkje om årlege løyvingar.

ERNÆRING

Plan og samfunnsavdelinga har ansvar for å gjennomføre den statlege satsinga på Fiskesprell med kurs for tilsette i barnehagar og grunnskular. Skuleåret 2011/2012 var det halde 4 kurs på ulike stader i fylket i korleis barnehagar og skular kan legge om til sunne måltid. Hausten 2012 deltok 80

personar på kursa. Det har også vore kurs for foreldre.

Vatn som tyrstedrikke har hatt fokus i fleire år. «Vasskoppen» er ein babykopp som fylkeskommunen gjev til alle babyar på ½-års kontrollen saman med ein brosjyre om kvifor det er viktig å redusere sukkerinntaket til barna. I 21 kommunar har helsestasjonane fått gratis koppar som dei delar ut til foreldre og føresette. «Vassflaska mi» er ei plastflaske med logo som profilerer vatn, og som tannhelsetenesta og skular nyttar ved ulike samanhengar der vatn og kosthald er tema.

Kantine ved dei vidaregåande skulane er sentrale i arbeidet med ernæring. Sunne matvarer og vatn må vere tilgjengeleg for at elevane skal kunne ta ansvar sjølve og velje sunne alternativ. Difor har vi, i samarbeid med opplæringsavdelinga, gjennomført 2 samlingar og kompetansegejvande kurs for kantinepersonell i 2012. Det vart også utarbeidd eit ressurshefte for kantine med oppskrifter, kosthaldsråd og tips om hygiene.

Plan og samfunnsavdelinga inngjekk i 2012 ein avtale med Luster vidaregåande skule om kjøp av ein halv stilling med ernæringskompetanse. Denne personen gjennomfører Fiskesprell og andre kompetansegejvande kurs i fylket som ledd i folkehelsearbeidet og i samarbeid med partnerskapen.

DANSEVERKSTADANE

Som ledd i oppfølginga av dei 14 kommunane som har etablert danseverkstader vart det i 2012 gjennomført 2 fylkessamlingar for både ung-leiarar og vaksne ansvarlege. Det vart også arrangert Danse Camp med opplæring/kurs i ulike typar dans. 140 ungdomar frå heile fylket deltok. Opplæring av nye danseinstruktørar starta i 2012 og vert avslutta våren 2013. Utdanninga av nye instruktørar er avgjerande for drifta av danseverkstadane. Om lag 1400 barn/unge mellom 9 og 19 år er elevar i dei mange dansegruppene som ungdommane driv i kommunane. Det vart også produsert ein kort informasjonsfilm om danseverkstadane til bruk for kommunane og fylkeskommunen.

PARTNARSKAPS-/UTVIKLINGSAVTALAR

Det vart i 2012 teikna partnerskapsavtalar med tre nye kommunar (Askvoll, Gulen og Hyllestad). Totalt er det 24 kommunar som deltek. Det vart også teikna avtale med to nye frivillige organisasjonar (Redningsselskapet og Skikrinsen).

Fylkesmannen, Høgskulen og Helse Førde er viktige samarbeidspartar. Det vart i 2011 etablert regionale ressursgrupper rundt tre tema: ernæring og tobakk, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt trygge, levande og inkluderande lokalsamfunn. Grunna mangel på ressursar har dei to siste gruppene ikkje vore operative i 2012. Ressursgruppa for ernæring og tobakk er derimot leia og drifta på ein svært god måte av tannhelsetenesta.

Det vart i 2012 samla inn materiale til ein fyldig rapport¹⁰ om

folkehelsearbeidet i partnerskapskommunane og fylkeskommunen.

KONFERANSE FOR FYSISK AKTIVITET OG HELSE

Kvart år samarbeider Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen og fylkeskommunen om ein konferanse for fysisk aktivitet og helse som er lagt til Sogndal. I mai 2012 var temaet «Fysisk aktivitet og kroppssøving i skulen – gunstig for skulepresentasjon og skuletrivsel».

MILJØ OG RESSURSFORVALTNING

KLIMA OG MILJØ

Oppfølging av Fylkesdelplan for klima og miljø

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedteken på fylkestinget i mars 2009. Denne planen inkluderer utsleppsreduksjon både frå forbruk og produksjon, samt klimatilpassing. Gjennom 2012 jobba Sogn og Fjordane fylkeskommune med oppfølging av Fylkesdelplan for klima og miljø, og det blei utarbeidd system for oppfølging av tiltak i planen. Nokre av tiltaka fylkeskommunen arbeidde med i 2012 kan du lese om nedanfor.

Fokus på klimasårbarheit

Fylkeskommunen heldt fram med arbeidet rundt klimatilpassing gjennom deltaking i ulike forskingsprosjekt, mellom anna AREALKLIM. Det vart arrangert seminar for kommunane rundt klimatilpassing, og på hausten vart det arrangert ein AREALKLIM- konferanse på fylkeshuset, med deltakarar frå alle vestlandsfylka.

Klimaindikatorprosjekt

Fylkeskommunen starta i slutten av 2009 eit FoU-opppdrag i samarbeid med Vestlandsforskning. FOU- oppdraget hadde eit overordna mål om å styrke kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar knytt til både produksjon og forbruk. Prosjektet skal også bidra til ei betre retning på oppfølgingsarbeidet med Fylkesdelplan for klima og miljø. Sluttrapport for prosjektet vart levert våren 2012, og det vart jobba med å ta desse tiltaka vidare i rulleringa av tiltaksdelen for fylkesdelplan for klima og miljø.

Miljøfyrtårnsertifisering av den fylkeskommunale verksemda

Fylkeshuset vart miljøfyrtårnsertifisert i 2009, og i 2010 og 2011 forsette fylkeskommunen arbeidet med å miljøfyrtårnsertifisere resten av den fylkeskommunale verksemda.

I 2012 det inngått ein avtale med SFE Energi om sertifisering av fleire skular. Sertifisering vart i 2012 starta opp på Sogndal-, Øyrane-, Stryn- og Dale vidaregåande skule samstundes som ein starta sertifiseringsprosessen ved fylkeskommunen sin sentraladministrasjon i Førde.

¹⁰ Denne vart ferdig på nyåret i 2013. Kan lastast ned frå: [http://www.sjf.no/cmsff/cmspublish.nsf/\\$all/DCF667F13F433653C1257AFC0045C148](http://www.sjf.no/cmsff/cmspublish.nsf/$all/DCF667F13F433653C1257AFC0045C148)

Tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter

I hovudutvalet for Plan og Næring 30. november 2010 vart det vedteke å opprette ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemdar. Tilskotsordninga skal stimulere til at fleire bedrifter/ verksemdar i fylket vert miljøsertifiserte. I 2012 vart det sett av 0,3 mill. kr i denne tilskotsordninga. Gjennom denne ordninga kan bedriftene søkje om tilskot til å dekkje halvparten av kostnadane ved sertifisering, og maks 20 000,-. Ordninga har vore populær og i 2012 fekk 11 bedrifter tilsegn om tilskot til miljøsertifisering.

Lokal Agenda 21

Lokal Agenda 21-midlane skal bidra til å styrkje lokal berekraft i kommunar og lokalsamfunn i fylket. Det vart løyvd 0,5 mill. kr til Lokal Agenda 21-prosjekt i 2012. Nokre av tiltaka som fekk Lokal Agenda 21-midlar i 2012 var gjenbruksbutikk i Solund, ein kampanje for betre renovasjon og arrangement knytt til verdas miljødag.

Hurtigladepunkt

Hovudutvalet for plan og næring løyvde 0,115 mill. kr til hurtigladeasjon for elbilar på Oppedal ferjekai i møtet den 29.11. Dette markerer starten på oppretting av fleire hurtigladepunkt langs E39 i fylket. Hurtigladepunktet ved Oppedal ferjekai vart opna i 2012, og er ein del av ein samla strategi frå dei fire Vestlandsfylka for å kunne køyre elbil frå Stavanger til Trondheim. Sogn og Fjordane fylkeskommune jobba i 2012 med eit forslag til ein strategi for hurtigladepunkt i fylket, og hadde mellom anna møte med nettselskapa i fylket rundt dette.

Styrka innkjøp

I 2012 vart det tilsett ein person som skal jobbe særskilt med å styrke klima- og miljøaspektet i innkjøp, i ei prosjektstilling. Fylkeskommunen ynskjer som offentleg regional myndigheit å gå føre på dette området, og utvikla meir kunnskap om korleis ein kan inkludera miljø i offentlege innkjøp på ein god måte.

Haldningsskapande arbeid

Fylkeskommunen har i 2012 inngått avtalar med fleire frivillige miljøorganisasjonar, der organisasjonane i løp av 2013 skal gjennomføra haldningsskapande kampanjar i høve klima og miljø.

Berekraftige lokalsamfunn

I 2012 vart det starta opp eit FoU- forprosjekt i samarbeid med Telemarksforsking rundt overgangen til meir sjølvforsynte og miljøvennlege lokalsamfunn. I dette prosjektet vert det sett nærmare på korleis den internasjonale rørsla Transition Network, som starta opp i England i 2007, kan vera aktuell for lokalsamfunn i Sogn og Fjordane og Noreg.

Biologiske mangfald, i samarbeid med Fylkesmannen

I tråd med Fylkesdelplan for klima og miljø, vart det i 2012 inngått ein avtale med Fylkesmannen rundt biologisk mangfald og klima. Fylkesmannen vil gjennom eit eige prosjekt setje

fokus på restaurering av myrområder, og kva desse områda kan bety både for det biologiske mangfaldet og for binding av CO₂.

VASSKRAFTSAKER, KRAFTLINJESAKER OG VINDKRAFTSAKER

Fylkeskommunen er uttalepart i Vasskraftsaker, kraftlinjesaker og vindkraftsaker. PSA har hovudansvaret for sakshandsaminga i desse sakene.

Uttale til konsesjonssøknader om vindkraftutbygging

Fylkeskommunen har gjeve uttale til ti søknader om konsesjon, for vindkraftanlegg i Sogn og Fjordane. Sjå tabell konsesjonssøknader om vindkraftutbygginga.

Sak	Tiltakshavar	Kommune	Ny effekt		
Ytre Sula (S) ¹	Sula kraft as	Solund	140 MW	450	GWh
Guleslettene	Guleslettene vindkraft as	Flora/Bremanger	144 MW	421	GWh
Ulvegveina	Statkraft Agder energi vind da	Solund	138 MW	400	GWh
Dalsbotnfjellet	Zephyr as	Gulen	150 MW	391	GWh
Brosviksåta	Agder energi produksjon as	Gulen	105 MW	280	GWh
Bremangerlandet	Vestavind kraft as	Bremanger	78 MW	250	GWh
Sandøy	Statkraft agder energi vind da	Gulen	75 MW	220	GWh
Hennøy	Vestavind kraft as	Bremanger	33 MW	102	GWh
Vågsvåg	Kvalheim kraft as	Vågsøy	24 MW	65	GWh
Ytre Sula (L) ¹	Vesta-vind as	Solund	7,50 MW	22	GWh

Tabell: Konsesjonssøknader om vindkraftutbygging

¹)Det er to prosjekt på Ytre Sula, eit stort på 140 MW (der Sula kraft AS står som konsesjonssøkjjar) og eit lite på 7,5 MW (der VESTA-VIND AS står som konsesjonssøkjjar). Desse blir refererte til som høvesvis Ytre Sula (S) og Ytre Sula (L) i tabellen.

Uttale til konsesjonssøknader om vasskraftutbygging

Fylkeskommunen blir bedt om å komme med uttale til vasskraftsaker der det er søkt om konsesjon (kraftverk med installasjon frå 1 MW og oppover).

Fylkeskommunen uttalte seg som høyringsinstans til 11 konsesjonssøknader om vasskraftutbygging (sjå tabell konsesjonssøknader vasskraftutbygging). Samla årsproduksjon for desse (456 GWh) svarar om lag til den årlege elektrisitetsbruken til 23 000 hushald. Planlagt investering er om lag 1,6 mrd. kr. Førstehandsverdien av årleg kraftproduksjon (ved ein marknadspris på 26,5 øre/kWh) vil svare til ca. 120 mill. kr.



Offerdal kraftverk. 8. april 2012, i samband med utarbeiding av uttale til Offerdal kraftverk i Ardal kommune. Foto: Idar Sagen/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Prosjekt	Kommune	GWh/år	Planlagt investering i mill. kr.
Strupen kraftverk. Nytt utbyggingsforslag (adm. uttale)	Gloppen	20	58
Briksdal minikraftverk. Auka driftsvassføring (adm. uttale)	Stryn	1,05	3,3
Holmen kraftverk	Aurland, Voss	72	315
Berge og Bjåstad kraftverk, planendring (2 kraftverk)	Sogndal	38,8	85
Stødna kraftverk, redusert utbygging	Lærdal	4,0	18,3
Offerdal kraftverk	Årdal	101	371
Nessane kraftverk	Balestrand	34	1
Leikanger kraftverk, tilleggsgutgreiing og nytt alternativ (adm. uttale)	Leikanger	161	580
Brekkefossen kraftverk	Fjaler	15,6	45
Trolleholselva kraftverk	Høyanger	8,5	34,4
Sum		456	1 610

Tabell: Konsesjonssøknader om vasskraftutbygging

Uttale til meldingar om kraftutbygging

For større utbyggingssaker (årsproduksjon > 40 GWh) er det krav om utarbeiding av melding og forslag til utgreiingsprogram. Dette materialet vert sendt på høyring til m.a. fylkeskommunen.

Tre saker vart handsama i 2012:

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt investering i mill. kr.
Gjengedal kraftverk	Gloppen	136	490
Jølstra kraftverk/fjellkraftverk	Jølster	133 ny prod.	385
Bredvatn kraftverk	Bremanger	60 ny prod.	395/340
Sum		329	1 270

Tabell: Meldingar om kraftutbygging

Vurdering av konsesjonsplikt

I tråd med forvaltningsreforma blir fylkeskommunen bedt om å uttale seg til spørsmål om konsesjonsplikt for mini- og mikrokraftverk (installasjon opp til 1 MW). Sakene vert handterte administrativt. NVE bestemmer om det vert konsesjonsplikt eller ikkje. Det gjaldt desse sakene i 2012:

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt investering i mill. kr.
Slengesolselva kraftverk	Gulen	1,1	
Vårdal kraftverk	Askvoll	0,224	5,5
Fossaelva mikrokraftverk	Førde	0,3	3,92
Gjerdet kraftverk	Jølster	2,3	8,5
Fossheim minikraftverk	Jølster	3,4	11,5
Osen minikraftverk	Høyanger	2,7	8
Sum		10,024	37,42

Tabell: Vurdering av konsesjonsplikt

Uttale til kraftlinjesaker

Fylkeskommunen blir bedt om å komme med uttale til saker ang. kraftlinjer og transformatorar med spenningsnivå over 22 kV.

I 2012 er desse sakene handtert, alle administrativt:

- Tilleggssøknad for ny 132 kV linje Sandane - Reed i Gloppen kommune.
- Søknad om løyve til å bygge ny 132 kV linje Erdal-Førde i trase for eksisterande 66 kV linje.

- Søknad om løyve til omlegging av 66 kV linje Njøs-Kvåle ved Sogndal trafo.
- Tilleggsgutgreiing og tilleggssøknad for 132/66 kV kraftlinje Borgund-Stuvane-Lærdal.
- Uttale til tilleggssøknad og tilleggsgutgreiingar for 300 kV (420 kV) kraftlinje Modalen-Mongstad.

Synfaringar i regi av NVE

Fylkeskommunen var med på desse synfaringane:

Vurdering av konsesjonsplikt

- Gjerdet kraftverk, Ålhus, Jølster kommune.
- Fossheim minikraftverk, Vassenden, Jølster kommune.

Konsesjonssøkte kraftverk

- Øyane kraftverk og Illvatn pumpekraftverk i Fortunsdalen, Luster kommune.
- Berge og Bjåstad kraftverk i Fjærland, Sogndal kommune.

I tillegg deltok fylkeskommunen på Oed si synfaring av Strupen kraftverk i Mylkebustdalen, Gloppen kommune, i samband med deira handtering av klagesak

Uttale til søknader om fjernvarmekonsesjon

Fylkeskommunen ga uttale til eit fjernvarmeanlegg:

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt investert
Fjernvarme i Førde sentrum	Førde	30 GWh varme 7,5 GWh kjøling	120 mill. kr over 10 år

Tabell: Søknader om fjernvarmekonsesjon

VILT- OG FISKEFORVALTNING

Generelt er råd og rettleiing til kommunar og regionale organisasjonar mellom dei viktigaste oppgåvene knytt til friluftsliv, vilt- og fiskeforvaltning. PSA og Kulturavdelinga (KA) har jobba med å etablere utviklingsavtaler med frivillige organisasjonar som eit verkty for å styrkje fylkeskommunen sitt utviklingsarbeid. Dette gjeld m.a. organisasjonar med formål knytt til friluftsliv, vilt og fisk.

HPN vedtok (sak 70/12) fylkeskommunal Strategi for vilt- og fiskeforvaltning. Følgjande målformulering er vedteken der: «Vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og utvikling av næringsverksemd».

Vedtekne strategiar er:

- Styrking av kunnskapsnivået, om vilt og innlandsfisk, i Sogn og Fjordane.
- Betre organisering av vilt- og innlandsfiskeforvaltning på grunneigarsida.
- Utvikling av effektive forvaltingsmodellar for innlandsfisk og vilt

Fylkeskommunen fordeler statlege tilskotsmidlar til vilttiltak. Ramma var på 0,4 mill. kr i 2012. Det vart handsama 20 søknader/prosjekt. Samla søknadsbeløp var på 0,940 mill. kr. Ti prosjekt fekk tilsegn om midlar. NJFF Sogn og Fjordane fekk tilskot til flest prosjekt. Dei fekk 0,199 mill. kr i tilskot fordelt på 5 prosjekt.

Det vart handsama og gitt løyve til to søknader om utsetjing av aure.

INTERNASJONALT ARBEID

Fylkeskommunen deltok på fleire internasjonale arenaer i 2012.

Desse var:

- Nordsjøkommisjonen (NSC) hadde 18.-20. juni si generalforsamling i Bremerhaven, Tyskland. Her vart Hordaland sin fylkesordførar valt inn som vice-president.
- Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe (CPMR) hadde 3.-5. oktober si generalforsamling i Bialystok, Polen.
- I fylkesutvalet 26. september vart det valt inn to politiske representantar til å delta i to av dei tematiske gruppene i Marine Resources og Innovation and Education (NSC).
- Vest-Noregs Brusselkontor (VNB) vedtok på sitt styremøte 19. januar å etablere eit ressursforum for VNB sine medlemmar. Ressursforumet skal vere ein arena for idé- og erfaringsutveksling, koordinering av internasjonalt arbeid mellom medlemmane og VNB, samt ein nyttig og god nettverksarena. Det første ressursforumet vart 13.-15. november helde i Brussel, Belgia.
- Dei politiske representantane fylkeskommunen har i Vestlandsrådet var i oktober med på Open Days i Brussel, Belgia. Det vart dagen før arrangert eit innføringsseminar i regi av VNB, der det var fokus på Vest-Noreg i EU.

Næringsutvikling

KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling i kommunane er eit er prioritert satsingsområde, og kommunane er sentrale samarbeidspartnarar for fylkeskommunen i næringsarbeidet.

PROSJEKT «KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING»

Prosjekt Kommunal næringsutvikling skal styrkje det kommunale næringsapparatet. Denne innsatsen skal gjere førstelinjetenesta i betre stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane

samarbeider om dette prosjektet som mellom anna har lagt grunnlag for ei omfemnande satsing på etablerarkurs. Som ein del av dette prosjektet er det utarbeidd nye retningslinjer for kommunale næringsfond, organiseringa av næringsapparatet er vurdert, og det er arrangert fleire kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet.

KOMMUNALE NÆRINGSFOND

Løyvingane til kommunale næringsfond var 18,5 mill. kr i 2012. Dette er same sum som i 2011, og ein auke på om lag 4 mill. kr frå 2010. Kommunale næringsfond skal medverke til eit godt næringsarbeid i kommunane. Fylkeskommunen stiller krav næringsutvikling og at kommunane har ei tilfredsstillande førstelinjeteneste for etablerarar. Det er kontinuerleg arbeid med oppfølging av forvaltninga, og kurs og kompetansetilbod til kommunane gjennom året.

TILTAKSFORUM

Tiltaksforum er ei nettverkssamling for medarbeidarar innan tiltaksarbeid og næringsutvikling. Det har vore god oppslutnad på samlingane i mange år, og det er vorte ein viktig møteplass. Siste samlinga var på Sandane i oktober 2012 med tema: «Korleis få opp gründeranda?» Særleg nyttig var gruppearbeidet om korleis vi skal bli betre både på lokalt og regionalt nivå. Det var bedriftsbesøk på Bolseth glass og presentasjon av verksemdene Brødrene Aa og Bano.

ENTREPRENØRSKAP

Programstyret for entreprenørskap og nyskaping er eit program for oppfølging av strategiane i Fylkesplan 2005-2008 Vegen vidare for Sogn og Fjordane. Planperioden er forlenga fleire gonger som resultat av mellom anna forvaltningsreforma. I evalueringa av fylkesplanprogramma våren 2010 vart programstyret for entreprenørskap og nyskaping vedteke vidareført ut 2012.

Deltaking

Representantar frå Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), NHO Sogn og Fjordane, Kommunane i Sogn og Fjordane, næringslivet, Innovasjon Norge og fylkeskommunen har delteke i 2012.

Mål og satsingar

Programstyret har arbeidd etter følgjande overordna mål i 2012:

- At fleire unge etablerer eiga verksemd i Sogn og Fjordane.
- Auka kompetansen i entreprenørskapsarbeidet i fylket.
- Ha nysgjerrige og skapande unge i barnehage og skule.
- Ha fleire nyetableringar i fylket.

- At dei nyetablerte bedriftene skal bli lønsame.
- At eksisterande bedrifter skal tenkje nytt.
- Ha levande lokalsamfunn.



Programstyret for entreprenørskap og nyskaping november 2012. Frå venstre: Lisbeth Bringeboen, fylkeskommunen, næringsavdelinga (sekretær), Holger Aasen, UE, Nils P. Støyva, fylkeskommunen, politiker (leiar), Olav Grov, Luster kommune, Odd Einar Fimreite, fylkeskommunen, opplæringsavdelinga, Kai Lille-Homb, fylkeskommunen, næringsavdelinga, Åslaug Stadheim Ese, gründer, og Halvor Flatland, Innovasjon Noreg.

Aktivitet

Måla har vore søkt oppnådd gjennom fleire konkrete tiltak under to ulike målområde. Målområda har igjen vore delt inn i to ulike arbeidsområde med egne tiltak.

1. Målområde 1: Entreprenørskap og nyskaping, gjennom a) Ungt entreprenørskap, og b) Kompetanseutvikling

2. Målområde 2: Entreprenørskap og lokalsamfunnet, gjennom c) Samarbeid mellom næringsliv og skule, og d) Samhandling for «dei driftige». Programstyret har gjennomført fleire tiltak knytt til målområda. Til målområde 1 har fylkeskommunen løyvd midlar direkte til Ungt Entreprenørskap (UE), og programstyret har også løyvd midlar til eit prosjekt i regi av UE for å arbeide med studentbedrifter ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Programstyret har tildelt midlar til mindre entreprenørskapsstiltak for å bidra til at fleire unge får innblikk og erfaring med entreprenørskapsarbeid. For målområde 2 har programstyret lyst ut og kjøpt eit forskingsprosjekt som skulle svare på desse to problemstillingane: 1) Korleis stimulere fleire elevar som går yrkesfag til å verte bedriftsetablerarar?, og 2) Korleis kan vi få fleire unge til å etablere bedrift i Sogn og Fjordane? Prosjekt-resultatet vert overlevert fylkeskommunen i april/mai 2013.

Programstyret har nytta midlane frå fylkeskommunen slik:

Mottakar	I mill. kr.
Kompetansebygging entreprenørskap	0,095
Stimuleringsmidlar barnehage grunnskule og vg. skule	0,300
Regionale utviklingsprosjekt	0,100
Hovudprosjekt «Samanheng mellom ungdomsbedrifter og etablering»	0,393
Totalt:	0,888

Tabell: Entreprenørskap

Resultat

Programstyret har arbeidd godt for å nå måla i programplanen for 2011-2012. Programstyret har gjennomført gode tiltak med omsyn til entreprenørskap og skule, og bidrege til auka kompetanse om entreprenørskap hjå pedagogisk personell, og i lokalsamfunna. Rapporten «Entreprenørskap på høygir» frå 2009 peikar på at sjølv om fylket er gode på entreprenørskap, ser det likevel ikkje ut til at resultatet er kome i form av bedriftsetableringar. Programstyret har vurdert egne vedtak og iverksette tiltak dette året som gode, men det synest vanskeleg å finne dei tiltaka som verkeleg bidreg til bedriftsetableringar. Programstyret sette dermed i gong eit forskingsprosjekt for å finne ut korleis vi kan få fleire etableringar framover. Førbelte resultat syner at fylket gjer mykje av dei tilrådde tiltaka og aktivitetane allereie, men dei må forsterkast.

OMSTILLINGSARBEID

Kommunane Askvoll og Hyllestad hadde omstillingsstatus i 2012. Lærdal kommune fekk omstillingsstatus i september 2012, og samarbeider med Årdal om utviklinga.

Omstillingsløyvinga i 2012 vart fordelt slik:

Kommune	Ordinær løyving i mill. kr.
Hyllestad	2,85
Askvoll	2,35
Lærdal	1
Årdal	1
Sum:	7,22
Restmidlar overført til 2013*	1,8

Tabell: Omstillingsarbeid

I åra 2004 - 2012 har fylkeskommunen til saman bidrege med kr 65 mill. i ordinære omstillingsmidlar til 9 kommunar.

Vi opplever at omstillingsområda gjennomgåande får styrka næringsutviklingsevne og eit meir robust og variert næringsliv. Når det gjeld folketalsvekst, er Vågsøy truleg eit døme på at omstillingsarbeidet har medverka til auka folketal i den siste 2-årsperioden av omstillingsarbeidet.

* Grunnen til at ikkje alle midlane vart nytta i 2012, er at det har teke lengre tid enn venta å stable på beina ein operativ omstillingsorganisasjon i Lærdal. Omstillingsorganisasjonen er no etablert, men dagleg leiar er enno ikkje tilsett.

INU-FSF

Dei største verksemdene i kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn verksemdene i dei andre kommunane i fylket. Kommunane og dei største verksemdene får kompensert dette gjennom statsbudsjettet. Desse midlane vert forvalta av stiftinga INU-FSF som tildelte 35,1 mill. kr til regionale fellestiltak, og 3 mill. kr i bedriftsretta støtte i 2012. INU-midlane medverkar til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/ næringsverksemd i dei råka kommunane og regionen elles.

Dei største løyvingane i 2012 var:

Mottakar	I mill. kr.
Tettstadutvikling (Førde, Flora og Sogndal)	7,5
Regionhamn Sunnfjord	10
Fornybar energi, innovasjon og regional utvikling	2,5
Fjordinkubator	2,5
Industriprosjektet Flora/Industriinkubatoren	1

Tabell: INU-FSF løyvingar

NÆRINGSBAROMETERET FOR SOGN OG FJORDANE

Fylkeskommunen har saman med partnarane NHO, Innovasjon Norge, NAV og Sparebanken Sogn og Fjordane lansert to næringsbarometer for Sogn og Fjordane i 2012.

Februar-utgåva melde at den økonomiske uroa ute i Europa har dempa næringslivet sine forventningar til 2013, særleg innan eksportretta verksemd. Næringslivet såg mindre lyst på framtida enn for eitt år sidan, samstundes som ein konstaterte at vårt fylke ikkje vert like påverka av den nye optimismen innan petroleumssektoren som Hordaland og Rogaland. Men framtidsvona var ikkje verre enn at næringslivet samla sett hadde von om å auke talet på tilsette.

I mai meldte næringsbarometeret at næringslivet vårt går godt, men at særleg eksportverksemdene ser med uro på den nærmaste framtida. Mai-utgåva hadde arbeidsinnvandring som hovudtema, der ein synte kor viktig arbeidsinnvandring er for utviklinga i fylket. Det vart formidla døme på vellukka arbeid med å integrere arbeidsinnvandarane, samstundes som ein slo fast at både det offentlege og bedriftene bør styrke sin innsats for å ta godt vare på denne viktige arbeidskrafta.

REGIONALANALYSE - SOGN OG FJORDANE

I samarbeid med Innovasjon Norge har fylkeskommunen tinga ei næringsanalyse frå Telemarksforsking. Analysen syner utvikling av folketall, arbeidsplasser, kor sårbar næringsstrukturen er, framskrivingar for folketalsutviklinga, eit «NæringsNM» og ein «Attraktivitetspyramide».

Følgjande hovudoppsummering er formulert: «Sogn og Fjordane har vært gjennom et tiår med både svak befolkningsvekst og svak arbeidsplassvekst. Næringsstrukturen med en høg del av arbeidsplasser i bransjar med nedgang, samt at det ikke vekstkraftige større byer i fylket er antakelig viktige forklaringer på dette. Det er imidlertid ikke gitt at de neste ti årene vil gi samme utvikling. Det er mulighet for langt bedre vekst, men da må både arbeidsplassveksten og bostedsattraktiviteten forbedres».

REKRUTTERING OG BUSETTING

Fylkeskommunen har støtta rekrutteringsarbeid gjennom Framtidsfylket AS, både gjennom bidrag til messer, traineeopptak og som aksjonær i Framtidsfylket AS.

BEDRIFTSRETТА STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE

Det er viktig å sikre ei god samhandling mellom den

tilretteleggande og den bedriftsretta satsinga. Bedriftsretta støtte på 41,7 mill. kr gjennom Innovasjon Norge (IN) var den klart største enkeltposten på plan og næring sitt budsjett i 2012.

Prioriterte satsingar på plan og næring sitt budsjett gjeld også for midlane som vert forvalta av IN. Elles var det i bestillingsbrevet særleg fokus på å legge til rette for at fylket skal vere ein attraktiv stad å arbeide og ein attraktiv stad å bu.

Som eit ledd i dette bad hovudutvalet IN om å prioritere innsats mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde. Det totale løyvingane frå Innovasjon Norge var historisk høge, og dobbelt så høge som i 2011. Den største auken kom på lån.

Forbruket på midlar frå fylkeskommunen var som tidlegare, og i tråd med rammeløyvinga. Bygdeutviklingsmidlane har auka mykje, og det har blitt gitt mykje lån frå nasjonale midlar.

Hovudutvalet har gitt Innovasjon Norge i oppdrag å sette i gang eit forprosjekt med utgangspunkt i kunnskapsbedrifter i fylket. Målet er å auke talet på arbeidsplassar innan desse næringane i Sogn og Fjordane. Sjå elles rapport frå IN i vedlegg.

INNOVASJON, FORSKING OG UTVIKLING

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde tre utlysingar i 2012. Alle tre lyste ut forprosjekt og den eine også hovudprosjekt.

Det var fire tema for begge prosjekttypar:

- Berekraftig matproduksjon.
- Energi og maritim sektor.
- Reiseliv.
- Offentlege utviklingsoppgåver.

I Sogn og Fjordane fekk seks forprosjekt og to hovudprosjekt støtte:

Forprosjekt

- Frøyanes AS - Nye typar katte- og hundemat basert på miljøvennleg linefanga fisk.
- Sogn Regionråd - Forprosjekt psykologisk førstehjelp i skulen.
- Nærøfjorden Verdsarvpark - Besøksforvaltning og lokal reisemålsutvikling. Utvikling av metode og modellar for norsk reiselivsnæring.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kunnskapsbasert og heilskapleg kystsoneplanlegging som grunnlag for en bærekraftig akvakulturnæring på Vestlandet.
- Balholm AS - Biologisk kontroll av skadedyr i norsk fruktdyrking.
- Bratt Moro AS - Friluftsliv, turisme og busetnad: Hvor skjer verdiskapningen?

Hovudprosjekt:

- Vindkraftforum Sogn og Fjordane - Nettintegrasjon av vindkraft i Sogn og Fjordane.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune - Samspel for berekraftig reiseliv. Vilkår for styrkt samspel mellom statlege, regionale og lokale styresmakter for eit berekraftig reiseliv.
- Miljø i fylket er i tillegg involverte i to andre forprosjekt og fire andre hovudprosjekt.
- Fylkeskommunen er med i VRI-satsinga - verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon - til Forskringsrådet.
- Fylkeskommunen har styrkt banda til det teknologiske forskingsmiljøet i Trondheim og det marine forskingsmiljøet i Bergen.
- Innsatsen er spissa kring to tema: Fornybar energi og marine næringar. I tillegg arbeider fylkeskommunen gjennom VRI med kompetansemekling også utanom dei to.

TRE ÅR MED REGIONALT FORSKINGSFOND

For Sogn og Fjordane har det vore ei positiv utvikling dei tre første åra med regionalt forskingsfond. Samla er miljø frå Sogn og Fjordane med i 29 prosjekt som har fått støtte frå fondet. Det har vore ei klar stigning frå år til år.

Prosjekt	2010	2011	2012	Sum
Forprosjekt	2	8	8	18
Hovudprosjekt	3	2	6	11
SUM	5	10	14	29

Tabell: Regionalt forskingsfond

Om ein fordeler prosjekta på tema, så ser ein at reiseliv dominerer innan forprosjekta, og «grøn mat» innan hovudprosjekta. Dette gjeld prosjekt med deltaking frå Sogn og Fjordane, og femner om prosjekt innanfor både offentleg og privat sektor.

Tema	Forprosjekt	Hovudprosjekt	Sum
Energi	1	1	2
Integrering og innvandring	1	2	3
Klima og miljø	2	1	3
Mat - blå	3	1	4
Mat - grøn	2	4	6
Reiseliv	8	2	10
Skule	1	0	1
SUM	18	11	29

Tabell: Fordeling av prosjekt, Regionalt forskingsfond

NÆRINGS HAGANE

To samarbeidskonstellasjonar vart tekne opp i Næringshageprogrammet for 2012. Dette er Sognefjorden Næringshage og Næringshagane i Nordfjord. Næringshagane

skal innrette arbeidet finansiert gjennom næringshageprogrammet eintydig mot målbedrifter næringshagen har avtale med. Vi har derfor tilbydd næringshagane ekstern konsulenthjelp til ein strategiprosess.

SIVA og fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane har vurdert alternative løysingar for eit næringshageinitiativ frå Gulen og Masfjorden. Også dei har motteke tilbod om støtte til ein ekstern strategiprosess. Dei tre strategiprosessane har vore nyttig hjelp etter vår vurdering. Næringshageinnsatsen er no tydeligare innretta mot målbedrifter og målbedriftene er i større grad bedrifter med vekstpotensiale. Strategiprosessen har også utvikla samarbeidet mellom det som tidlegare var sjølvstendige næringshagar i Nordfjord og ulike utviklingsmiljø i Indre Sogn.

Fjaler Næringsutvikling fekk tilbod om midlar til forprosjekt. Status er at det ikkje vert teke initiativ til søknad til næringshageprogrammet.

VRI - VERKEMIDDEL FOR REGIONAL UTVIKLING OG INNOVASJON

I 2012 var satsinga i fylket konsentrert kring to tema: Fornybar energi og marine næringar. I tillegg arbeider fylkeskommunen gjennom VRI med kompetansemekling også utanom dei to temaområda. Kompetansemeklinga knyter kontakt mellom bedrifter og forskingsmiljø. Innsatsområda er godt forankra i overordna planar.

REISELIV

Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 - 2025 i 2010. Visjonen til Sogn og Fjordane for utviklinga av reiselivet fram mot 2025 er at fylket skal tilby berekraftige naturopplevingar i verdensklasse.

2012 var det første driftsåret for reiselivsplanen. HPN løyvde midlar og mynde til ei styringsgruppe sett saman av den offentlege regionale partnerskapen og representantar frå reiselivsnæringa som fekk ansvar for å samordne og koordinere reiselivssinnsatsen i fylket, i tråd med utarbeidd handlingsplan.

I tillegg er det oppretta tre underliggende program/ arbeidsgrupper som har ansvar for å arbeide særskilt med kvar sine mål og felt; infrastrukturprogrammet leia av fylkeskommunen, aktørprogrammet leia av Innovasjon Norge og berekraftprogrammet leia av Fylkesmannen.

Målsettingane til reiselivsplanen er:

1. Auka verdiskaping.
2. Auka tal gjestedøgn.
3. Eit meir berekraftig reiseliv.

I 2012 vart det løyvd 11,2 mill. kr til reiseliv i budsjettet til fylkeskommunen.



Det er fleire flotte turistperler i Sogn og Fjordane. Flåmsbana er ei av dei. Foto: Rolf M. Sørensen.

Midlane vart fordelt slik:

- Fjord Norge – 4 mill. kr.
- Reiselivstilbud på Sognefjorden – 1,4 mill. kr.
- Satsing på film – Fuzz og Western Norway Film Commision – 0,5 mill. kr.
- Norwegian Center of Expertise (NCE) Tourism Fjord Norway – 0,35 mill. kr.
- Adm. styringsgruppa for reiselivsplanen og infrastrukturprogrammet – 0,2 mill. kr.
- Styringsgruppa for reiselivsplanen – 4,75 mill. kr.

I tillegg har styringsgruppa disponert reiselivsmidlar frå INU-FSF på til saman 7,845 mill. kr.

Første året med operative program og styringsgruppe for oppfølging av reiselivsplanen har gitt eit godt grunnlag for vidare arbeid innan reiselivet for åra framover. For å kunne måle innsatsen på reiselivsfeltet, er det viktig at alle tre programma har målbare mål og at ein gjennom heile året er bevisste på desse måla og måloppnåinga.

2012 var ein vanskeleg sesong for reiselivsnæringa. Distriktshotella tapar marknadsandelar og økonomisk uro gjer at utanlandske turistar minkar. Hovudbiletet er likevel ein liten auke i vårt fylke når det gjeld overnattingsdøgn grunna auke i norske overnattingar.

LANDBRUK

Fylkeskommunen peikte i fråsegna til jordbruksoppgjøret 2012 kor viktig det er å prioritere grovfôrbaserte produksjonar som mjølk og kjøtt i tillegg til frukt og bær. Vi fordelte i 2012 1,6 mill. kr til tiltak for å auke rekrutteringa til landbruket, auke kompetansen i næringa og arbeide for betra likestilling.



Rundballar i Fjærland. Gaute Dvergsdal Bøym/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Midlane vart fordelte slik:

- 0,5 mill. kr til nettbasert agronomutdanning.
- 0,4 mill. kr til korte kurs i landbruket.
- 0,7 mill. kr til prosjektretta tiltak innan rekruttering, kompetanseheving og likestilling.

Gjennom året har og fylkeskommunen støtta mindre landbruksrelaterte prosjekt gjennom sine løyvingar frå dei regionale utviklingsmidlane.

Fylkeskommunen arbeider tett i lag med relevant aktørar på landbruksfeltet som Fylkesmannen, Innovasjon Norge og næringsorganisasjonane. Fylkeskommunen legg stor vekt på å integrere landbruket i sitt heilskaplege arbeid med næringsutvikling.

HAVBRUK OG FISKERI

I 2012 vart tre program som fylkeskommunen har initiert innan marin næringsutvikling følgt opp:

1. Arbeidsprogram -rekruttering marin sektor.
2. AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning).
3. Vestlandsamarbeidet - marin sektor (VestMarin).

I tillegg deltak fylkeskommunen i internasjonalt marint samarbeid gjennom Nordsjøkommisjonen.

Programmet for rekruttering i marin sektor skal i hovudsak finansiere og organisere årlege marine rekrutteringsleirar og marine næringsleirar for rådgjevarar i grunnskule og på vidaregåande nivå. I samarbeid med Opplæringskontoret for Fiskeri og Havbruksfag (OFKH) vart det i 2012 gjennomført ein jenteleir (3.-7. september) og ein guleleir (15.-19. oktober). Begge leirane vart raskt fullteikna (12 deltakarar på kvar leir). Elevar frå heile 13 ungdomsskular i fylket var med. Det er eit mål for programmet å synleggjere mangfaldet av utdanningsløp og kompetanse som marine bedrifter har bruk for i framtida. Det var 10. gong desse leirane vart arrangert, og også andre stader i Noreg har dei no teke i bruk dette konseptet.

PROGRAM FOR HEILSKAPLEG AKVAKULTURFORVALTNING

Program for heilskapleg akvakulturforvaltning (AHA!) har som føremål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvaltning. Både på tvers av kommunegrenser og på tvers av forvaltningsnivå og -organ. Ei viktig målsetning for programmet er å bidra til vidareutvikling av oppdrettsnæringa og å auke potensialet for verdiskaping basert på fritidsfiske av villaks. Det er sett ned ei partnerskapsgruppe med brei deltaking frå relevante forvaltings-aktørar, kommunesektoren, havbruks-næringa og villaksinteressene. Gruppa har ansvar for å sette i gong tiltak og koordinere aktiviteten i programmet. I 2012 vart det blant anna gjennomført ein konferanse med om villaks i Lærdal, arrangert eitt møte med Fiskeri- og kyst og Miljøverndepartementet samt initiert to forprosjekt. Ei utvida arbeidsgruppe var ekspertpanel ved innstillinga til finansiering gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.

VESTMARIN

Vestlandssamarbeidet - marin sektor er eit marint samarbeid for næringsutvikling innan tema: havbruk, fiskeri, sjømat og

bioteknologi mellom Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Det er ei målsetning å bruke Vestlandsrådet som arena for politiske prosessar. Vestlandsrådet vedtok i desember at det skal lagast ein overordna marin og maritim strategi for Vestlandet. Fylkeskommunen finansierte, saman med Møre og Romsdal, m.a. eit større 2-årig prosjekt på linefangst av lange.

NORDSJØKOMMISSJONEN

Gjennom deltaking i Nordsjøkommisjonen og arbeidsgruppa «Marin resource group» vidareførar fylkeskommunen arbeidet med marin næringsutvikling inn i ein internasjonal setting. Fylkesutvalet vedtok i 2012 at ein politiskar frå fylkesutvalet no skal delta i arbeidsgruppa. Dette vil bidra til å løfte den internasjonale delen av marint arbeid i fylkeskommunen.

MARINT VERDISKAPINGSFOND SOGN OG FJORDANE

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane hadde første utlysing i 2012. Ein la opp til at søknadane skulle støtte opp om målsetjingane for arbeidet i AHA! Eitt prosjekt fekk finansiering.

OLJEVERKSEMD

I 2012 har Agenda Kaupang vore engasjert til ein strategisk utviklingsanalyse for petroleumsverksemda i fylket. Det har vore stor deltaking frå næringsliv og andre interessentar, mellom anna på to arbeidsseminar. Engasjementet synte også att på petroleumskonferansen Vekst i Vest, som trekte 260 deltakarar i september.

Det har vore høg aktivitet ved Fjord Base i Florø, og diskusjonane om retning og omfang av baseutviding er aktive. Statoil er største kunden på basen. GdF Suez er det andre oljeselskapet som er representert. Knarr-feltet, som har BG Norge som operatør, er no under utvikling. Det blir bygd opp ei base- og driftsavdeling i Florø fram mot driftsstart hausten 2014.

Framover er det venta stor aktivitet på sokkelen utanfor Sogn og Fjordane. Dette gjeld både utbyggingar og modifikasjonar i regi av selskapa som er etablerte i regionen. I tillegg har nye (i vår region) selskap gjort interessante funn som kan resultere i nye utbyggingar i området. Høg aktivitet, saman med at pionerane i norsk oljeverksemd nærmar seg pensjonsalder, inneber høg etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft. Nye utdanningstilbod, som brønnteknikk og ingeniør undervannsteknologi, som skal starte i Florø hausten 2013, burde difor ha gode føresetnader for å rekruttere studentar.

På Lutelandet er det opparbeidd infrastruktur som ligg klar for ny aktivitet. Riving av utrangerte offshoreinstallasjonar og testing og samanstilling av utstyr til offshore vind er viktige satsingsområde. Rivingsmarknaden er framleis i ein tidleg fase i Noreg, men det er venta at marknaden vil bli stor. Kaupang-rapporten viser til gode føresetnader for eit miljøvennleg gjenvinningsanlegg, og at Lutelandet har attraktive kvalitetar.

FORNYBAR ENERGI

Vindkraftforum vart oppretta i 2009, og er ei satsing på framtidig vindkraftproduksjon og vindkraftindustri i Sogn og Fjordane. I desember samla forumet om lag 100 deltakarar til leverandørseminar, der programmet var konsentrert om leveransemoglegheiter knytt til vindkraftprosjekt under utvikling i fylket. Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag står bak bioenergiprojektet i Sogn og Fjordane. Målsettinga er å leggje til rette for auka uttak og leveranse av skogsvirke til energiproduksjon.

Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane står bak initiativet Energiregion Sogn og Fjordane. Motivasjonen ligg mellom anna i dei mange småkraftsøknadene som ligg og ventar (på nettinfrastruktur og konsesjonshandsaming) og moglegheitene dette representerer for leverandørindustrien. Det vart søkt om Arenastatus i 2012, men søknaden nådde ikkje heilt til topps. Engasjementet held fram, men i 2013 som eit nettverksprosjekt innanfor rammene til Innovasjon Norge. Ambisjonen er dels å gripe fatt i konkrete satsingar, dels å utvikle klynga med ambisjonar om ny Arena-søknad i 2014.

Prisutdelingar i 2012



Fylkesprisen for iderike bygder. Nordsida utviklingslag fekk Fylkesprisen for iderike bygder 2012. Laget er eit samarbeid mellom dei fire bygdene Randabygda, Hopland, Blakset og Fjelli på Nordsida i Stryn. Ottar Ulvedal, Gunnhild Bergset, Hallvard Almenning, Lars Bergset var på plass på Fylkeshuset for å ta imot prisen, som vart delt ut av fylkesordførar Åshild Kjelsnes. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Gründerprisen for ungdom 2012. Håvard Halvorsen, Jørn S. Nilson, Jørgen Borgesen og Halvor Gregusson er gründerane bak Yast, nLink og Rocketfarm. Dei fekk Gründerprisen for ungdom 2012 av fylkesordførar Åshild Kjelsnes. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedlegg

Vedlegg 1: Årsrapport frå Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Vedlegg 2: Rapportering på målekart

Vedlegg 3: Saksoversyn Hovudutval for plan og næring

Vedlegg 4: Sentrale politiske saker

Vedlegg 1

Årsrapport frå Innovasjon Norge Sogn og Fjordane



RAPPORT

Til:	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Frå:	Rune Fromreide, IN Sogn og Fjordane
Dato:	08.02.2013
Vedk.:	ÅRSRAPPORTERING TIL SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE - 2012

0 GENERELT

Denne rapporten inneheld alle verkemiddel som er løyvd av Innovasjon Norge (IN) til personar/bedrifter i Sogn og Fjordane i 2012. Statistikken er inndelt som følgjer:

- Løyving etter verkemiddel
- Løyving etter bransje
- Løyving etter verkemiddelvariant
- Løyving etter målgruppe
- Løyving etter geografi

I 2011 er det løyvd totalt 520,7 mill. kr til bedrifter/personar i Sogn og Fjordane fordelt på 115,9 mill. kr i tilskot, 310 mill. kr i lån, og rentestøtte for lån på 94,8 mill. kr.

Det var låg etterspurnad etter IN sine verkemiddel i første halvår, men den tok seg sterkt opp mot slutten av året, spesielt i november og desember. Det totale forbruket er historisk høgt og var 104 % høgare enn i 2011. Det er løyvd meir midlar til alle verkemiddelgrupper, men spesielt mykje meir lån.

1. LØYVINGAR ETTER VERKEMIDDEL

Denne statistikken er inndelt som følger:

- Regional utvikling kap. 551.60 og 61
- Bygdeutviklingsmidlar
- Andre landsdekkande verkemiddel

Regional utvikling

Sum løyvingane av dei regionale utviklingsmidlane, kap 551.60 og 61 (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2011	2012
Risikolån*	23 300	24 550
Distriktsutviklingstilskot	39 078	37 885
Etablerarstipend	3 773	4 853
Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	3 465	3 500
SUM	69 616	70 788

* Risikolån utgjer 9,5 mill. kr i tapsfond som må takast av tilskotsmidlane.

Bygdeutviklingsmidlar

Sum løyvingane av bygdeutviklingsmidlane (sum i 1000 kr):

Verkemiddel	2011	2012
Tilskot	25 321	38 227
Rentestøtte	53 431	94 842
Sum	78 752	133 069

Andre landsdekkande verkemiddel:

Sum løyvingane av andre verkemiddel (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2011	2012
Marknadslån	80 298	285 435
Garanti	2 125	0
Inn på tunet (tilskot)	200	740
Matprogrammet (tilskot)	85	4 120
Industriell forskings- og utviklingskontraktar (tilskot)	5 573	1 200
Bioenergi-midlar (tilskot)	1 815	595
Trebasert innovasjonsprogram (tilskot)	116	600
Miljøprogrammet (tilskot)	4 000	11 500
Regional omstilling (tilskot)	965	863
Landsdekkande program (tilskot)	933	437
Administrasjonstilskot	950	950
Sentrale BU-midlar (tilskot)	170	0
Tilskot til marine næringar	5 220	3 094
Nasjonale tiltak, regional utvikling (tilskot)	4 481	4 925
Landsdekkande etablerarstipend	0	900
Diverse tilskot	0	1 500
Sum	106 931	316 859

2. LØYVINGAR INNDELTE ETTER BRANSJE

Løyvingar etter bransje (i 1000 kr)

Bransje	Tilskot	Lån og garanti	Rentestøtte lån	Sum
Landbruk og skogbruk	37 659	18 395	93 042	149 096
Fiskeflåte		273 825		273 825
Havbruk	6 584			6 584
Industri og bergverk	41 692	14 765	800	57 257
Reiseliv	7 513		1 000	8 513
Andre tenesteytande næringar	17 595	3 000		20 595
Andre bransjar, uspesifisert	1 997			1 997
På tvers av bransje	2 849			2 849
	115 888 500	309 985 000	94 842 000	520 715 500

Også i 2012 er mesteparten av BU-midlane til tradisjonelt landbruk løyvde som investeringsstøtte til driftsbygningar for husdyr. 55 gardsbruk har i 2012 fått støtte til å gjennomføre investeringar for til saman 138 mill. kr. Dette er noko mindre enn rekordåret 2010, men over gjennomsnittet for dei føregåande åra.

Det er ein kraftig oppgang i lån til fiskeflåten. Auken er på heile 1245 %. Låna har gått til flåtegruppene kystnot/linefiske til kjøp av kvote og båt. Støtta til havbruksnæringa har i hovudsak gått til nye artar og tenester knytt til næringa. Støttenivået er som i 2010.

Støtta til reiseliv vart redusert i 2012. Det har vore ei satsing på bedriftsnettverk som har som mål å styrke bedriftene si lønnsemd gjennom samarbeid om å tilby pakkar av opplevingar. Løyvingane til dei tenesteytande næringane har auka i forhold til 2011. I denne næringa er det støtta fleire interessante og innovative IKT prosjekt som ungdom står bak.

Det er industri og bergverk som har fått mest støtte i 2012 som i føregåande år, og det er ein auke i forhold til 2011. I denne bransjen er det løyvd midlar til ei rekkje innovative tiltak innan forskjellige industrinæringar.

Posten "andre bransjar" er dominert av energi- og miljøprosjekt.

3. LØYVINGAR INNDELT ETTER VERKEMIDDELVARIANT

Sum løyvingar inndelt etter verkemiddelvariant (i 1000 kr):

Målgruppe	Verkemiddel	Harde invester- ingar	Mjuke invester- ingar	Sum
Enkeltpersonar/bedrifter	Tilskot	32 356	71 426	103 782
	Rentestøtte for lån	94 842		94 842
	Lån/garanti	309 985		309 985
Produksjonssystem, næringsmiljø	Tilskot		12 107	12 107
Sum		437 183	83 535	520 716

Harde investeringar: Investeringar i industribygg, fiskebåtar, driftsbygningar, samdrifter og produksjon-sutstyr

Mjuke investeringar: FoU, kompetanseutvikling og nettverksutvikling

Posten produksjonssystem/nærings-miljø inneheld prosjekt som går på reiseliv, entreprenørskap, utgrei-
ingar, kompetanse, regional omstilling og nettverkssamarbeid.

4. LØYVINGAR FORDELT ETTER MÅLGRUPPE (i 1000 kr)

Målgruppe	Tilskot	Lån og ga- ranti	Rente-støtte lån	Sum
Kvinner	40 256	8 800	45 400	92 068
Ungdom	15 005	9 845	13 494	38 344

Det har vore auke i dei nominelle løyvingane til kvinner og ungdom. 35 % av tilskota gjekk til kvinne- og 12 % til ungdomsprosjekt.

5. LØYVINGAR FORDELT ETTER GEOGRAFI (i kr)

Kommune	Tilskot	Lån/garanti	Rentestøtte	Sum
1400 Fylket	7 406 000			7 406 000
1401 Flora	5 777 000	26 250 000	4 500 000	36 527 000
1411 Gulen	2 652 000		700 000	3 352 000
1412 Solund	2 084 000	48 050 000		50 134 000
1413 Hyllestad	30 000			30 000
1416 Høyanger	8 336 500			8 336 500
1417 Vik	2 125 000	900 000	1 800 000	4 825 000
1418 Balestrand	975 000		1 000 000	1 975 000
1419 Leikanger	1 746 000			1 746 000
1420 Sogndal	3 716 000		2 616 000	6 332 000
1421 Aurland	7 165 000		8 000 000	15 165 000
1422 Lærdal	1 303 000		1 880 000	3 183 000
1424 Årdal	11 500 000			11 500 000
1426 Luster	12 356 000	6 250 000	5 942 000	24 548 000
1428 Askvoll	3 605 000	115 400 000	9 300 000	128 305 000
1429 Fjaler	3 316 000	800 000	3 608 000	7 724 000
1430 Gaular	2 277 000		2 010 000	4 287 000
1431 Jølster	4 151 000		8 392 000	12 543 000
1432 Førde	4 410 000		11 573 000	15 983 000
1433 Naustdal	1 020 000	2 750 000		3 770 000
1438 Bremanger	570 000	18 900 000		19 470 000
1439 Vågsøy	6 704 000	64 640 000		71 344 000
1441 Selje	4 545 000	22 500 000	2 130 000	29 175 000
1443 Eid	2 166 000		600 000	2 766 000
1444 Hornindal	900 000		7 200 000	8 100 000
1445 Gloppen	5 791 000	3 545 000	19 251 000	28 587 000
1449 Stryn	9 262 000		4 340 000	13 602 000
Sum	115 888 500	309 985 000	94 842 000	520 715 500

Bedrifter i alle kommunar har fått støtte. Årdal, Luster og Stryn fekk mest tilskot. Dei største låneløyvingane finn ein i Askvoll , Solund og Vågsøy, og desse har gått til finansiering av fiskebåtar. Næringslivet på kysten har fått desidert mest lån mens indre delar av fylket har fått mest tilskot

6. AKTIVITET I IN SOGN OG FJORDANE I HØVE FYLKESKOMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDE

Reiseliv

IN Sogn og Fjordane har ansvar for Aktørprogrammet som eit av tre delprogram i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 - 2025. Målet for arbeidet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Satsinga vert koordinert med Innovasjon Norge si reiselivssatsing nasjonalt, innafor dei tre arbeidsområda; entreprenørskap, vekst i bedrifter og innovasjonsmiljø. Tenestene IN tilbyr er rådgjeving, kompetanse, nettverk, profilering og finansiering. Samhandling er hovudfokuset for den proaktive bedriftsretta reiselivssatsinga i Sogn og Fjordane, med tre prioriterte tiltak: bedriftsnettverk for tematiserte opplevingskonsept, tilrettelegging av årleg nettverksarena med reiselivskonferansen "Fjordane frå bre til hav", samt profilering og finansiering av IN sine kompetanseprogram for reiselivsnæringa.

Mat, marin næringsutvikling og landbruk

IN har over tid satsa offensivt på å utvikle torsk som ny kommersiell oppdrettsart. Situasjonen innan næringen i dag er prega av ein særskilt vanskeleg marknadssituasjon, framleis produksjonsmessige utfordringar og ei storskala avskaling. IN har, saman med eigarane, bidrege til å oppretthalde landet sitt einaste attverande og fremste miljø innan produksjon av yngel lokalisert i Florø. Det er usikkert kva som vil skje vidare innan oppdrett av torsk framover.

Vi bidreg inn i teknologiprojekt som vil bidra til å gjere oppdrettsnæringen meir berekraftig. Utvikling av landbasert teknologi og teknologi for å legge til rette for offshore oppdrett er eksempel på dette. I dette inngår satsing på landbasert oppdrett av kveite gjennom selskapet Sogn Aqua i Brekke. Dette er eit prosjekt som vi meiner har eit potensiale også internasjonalt.

På landbruk er vi i gang med ei mobilisering gjennom Arenaprojektet Fukt og Bær. Målet er å utvikle ei sterkare, meir marknadsorientert og innovativ næringsklynge basert på dei naturgjevne føresetnadene og dei miljøa som vi har innan denne sektoren i vår region. I tillegg vert det jobba aktivt med å finne marknader internasjonalt for landbruksprodukt frå fylket. Arbeid med satsing på eksport av fenalår til Russland i samarbeid med IN sitt kontor i Moskva er eit eksempel på dette.

Vi har sett i gang FRAM Mat som er eit strategi- og leiarutviklingsprogram for små landbruksbaserte matprodusentar med målsetting om auka konkurransekraft og lønsemd. Dette programmet er spesielt tilpassa dei behov som vi veit at desse bedriftene har.

Kunnskapsintensiv og kreativ verksemd

Som oppfølging av "Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane" er det sett i gang eit forprosjektet med utgangspunkt i kunnskapsbedrifter (KIFT) i fylket. Målsettinga er å auke talet på arbeidsplassar innanfor kunnskapsintensive tenesteytande næringar i Sogn og Fjordane. I prosjektet vart det kartlagt nærmare kva utfordringar og ambisjonar aktørane i denne næringa har. I løpet av året er det gjennomført ein intervjuunde med bedrifter i målgruppa og oppsummert kva aktørane sjølv trur vil vere kritisk for å få utvikla seg slik dei ynskjer vidare. Forprosjektet skal munne ut i konkrete forslag til korleis virkemiddelapparatet kan bidra for å stimulere til vekst (både i verdiskaping og sysselsetting). Vi jobbar no med å konkretisere tiltak frå forprosjektet.

Det er også sett i gang eit kompetanseprogram for kulturnæringane, FRAM Kultur, der 10 bedrifter deltek. Dette er eit kompetansetilbod innan bedriftsutvikling, leing og strategi. Kulturnæringane er prega av liten vekst og marginal lønsemd, og målet med dette prosjektet er difor å auke bedriftene si langsiktige konkurransekraft, lønsemd og evne til innovasjon.

FoU, innovasjon og marknadsorientering

IN har introdusert nye metodar for forretningsmodellering. Alexander Osterwalder er ein av dei som har bidrege sterkt på dette området. Hans metodikk er eit enkelt, visuelt og intuitivt språk for kartlegging, skildring og utvikling av forretningsmodellar. Det dreier seg også om å dra veksle på designtenking i utviklingsprosessen som er å drive forretningsutvikling i ein prosess som liknar meir på dei prosessane som arkitektar og designarar alltid har nytta.

IN har teke i bruk Osterwalder sine metodar i kundedialogen, og er også kome langt med den interne kompetansehevinga på dette området. Vi har gjennomført minst 50 workshops i 2012 saman med bedriftene og tilbakemeldingane er svært gode. Kundar opplever at sesjonane gjev dei god innsikt, samt forståing for korleis dei må prioritere.

IN har også eit tilbod om hjelp for å kome i gang med profesjonell design. Vi har formidla designar til fleire bedrifter med utgangspunkt den enkelte sitt designbehov.

Kommuneretta næringsarbeid

IN deltek i styringsgruppa i Prosjektet "Kommunal næringsutvikling" som gjer ein ekstra innsats inn mot kommunane for å styrke næringsutviklingsarbeidet. Vi bidreg også med opplæring til førstelinetenesta i sakshandsaming av det kommunale næringsfondet, er rådgjevar for kommunane og deltek i utvikling av heimesida driftig.no.

IN spelar ei viktig rolle i arbeidet med dei kommunane som vert definert som omstillingskommunar. Det gjeld for tida Askvoll, Hyllestad og Lærdal. Vi tilbyr verktøy og tenester som skal hjelpe til med å oppnå eit meir robust næringsliv og gjere kommunane meir attraktive for næringslivet.

Andre tiltak

Det er arrangert styrekandidatkurs i 2012 som har som målsetting å kvalifisere og kvalitetssikre potensielle styremedlemmer i bedrifter og organisasjonar. Kurset er også ein viktig del av vår satsing på å få fleire kvinner inn i styrerommet. Dei som har gjennomgått kurset og bestått eksamen registrerer seg i Innovasjon Norge sin nettbaserte styredatabase (www.styrekandidater.no).

Bygge og anleggsnæringa vert definert som ei viktig næring med eit stort potensiale i prosjektet "Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane". I samband med dette er det sett i gang eit B/A-prosjekt. Det er gjennomført intervju med fleire toneangivande miljø i bransjen i forhold til kva felles utfordringar dei har. Det er ikkje avklart noko vidare løp enno.

Vedlegg 2

Rapportering på målekart

Plan og næring - målekart

Resultat sett i høve målekart 2012

Strategiske fokusområde er dei utvalde områda som vi skal vie størst merksemd i fylkeskommunen for å sikre måloppnåing.

Kritiske suksessfaktorar er dei faktorane som vi må få til for å lukkast innan kvart av dei valde fokusområda. Desse kan vi og kalle strategiane som fører fram mot måla.

Måleindikatorane/prosessane er i hovudsak målbare aktivitetar som fortel oss i kor stor grad vi lukkast i å oppnå dei kritiske suksessfaktorane. Desse er knytt opp mot kvar einskild suksessfaktor.

Næringsavdelinga sine ansvarsområde

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ Brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Fylkeskommunen er ein heilskapleg og samordna serviceorganisasjon

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

Måleindikator er ikkje sett.

Kritisk suksessfaktor T2: Betre bestillarkompetanse

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

Måleindikator er ikkje sett.

Kritisk suksessfaktor T3: Velfungerande tenestetilbod

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

T3-1: Akvakultur-forvaltninga skal sikre at lokalitets- og konsesjonssøknadane vert handsama innan fristen på 22 veker

T3-1.1: Fristen på 22 veker vert halden

Dersom ein søknad er fullstendig og ikkje møter særskilte hindringar blir 100 % handsama innanfor fristen på 22 veker.

Forseinkingar har oppstått når det har vore naudsynt med fleire opplysningar til søknaden, eller den har trengt dispensasjon frå plan, eller at sakshandsaminga har gått seint ved andre involverte institusjonar. Ut frå dette så er om lag 60 % av søknadane handsama innanfor fristen på 22 veker.

Kritisk suksessfaktor T4: God informasjon til brukarane

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

T4-1: Næringsavdelinga oppdaterer nettsida kvar veke

T4-1.1: Informasjon om tema og tenester vert løpande oppdatert. Minimum ei nyhendesak og pressemelding før og etter møte i Hovudutval for plan og næring/HPN. Det same gjeld større konferansar der næringsavdelinga er involvert

Gjennomført.

Kritisk suksessfaktor T5: Gode rutinar/arenaer for brukarmedverknad

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluering/Resultat 2012

Måleindikator er ikkje sett.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor: R1 Kjenner utfordringane i fylket og aktuelle samarbeidspartar

- Gjennom kunnskapsutvikling
- Gjennom systematisk FoU-arbeid

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluering/Resultat 2012

R1-1-1: Utarbeide næringsbarometer ein gong i året, og oppdatere samfunnspegele

R1-1-1.1: Utarbeide næringsbarometer ein gong i året, og oppdatere samfunnspegele

I 2012 vart det utarbeida næringsbarometer i februar og mai.

R1-1-2: Følgje utviklinga i næringslivet gjennom «management dashboard» (nøkkeltal for utviklinga i næringslivet)

R1-1-2.1: Utarbeiding av verkty i 2012

I 2012 er ulike styringsverkty nytta som næringsbarometeret, samfunnspegele, diverse regionale analyser.

Kritisk suksessfaktor: R2 Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og partnerskap

- Gjennom å ha ei tydeleg leiarrolle i partnerskapen

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluering/Resultat 2012

R2-1: Organisere ti møte i næringsforum for å styrke gjennomføringsevna i partnerskapen

R2-1.1: Organisere ti møte, samla oversyn og møtereferat

Arbeidet med verdiskapingsplanen overtok for næringsforum, og arbeidet i partnerskapen vil såleis få ei ny form framover.

Kritisk suksessfaktor: R3 Tenesteproduksjonen i fylkeskommunen er viktig for den regionale og lokale utviklinga

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluering/Resultat 2012

R3-1: Involvere andre delar av den fylkeskommunale verksemda i regionale utviklingsprosjekt

R3-1.1: Vere medvitne i forhold til samhandling i prosjekt som vi er involverte i.

Avdelinga har forsøkt å vere meir medvitne i forhold til samhandling i prosjekt som vi er involvert i.

Kritisk suksessfaktor: R4 Ein meir målretta regional utviklingsaktør som arbeider for å legge til rette for eksisterande næringsliv, og for at ein større del av næringslivet i fylket vert kunnskapsintensivt.

Viktige næringsretta satsingar:

- Marin sektor
- Landbruk
- Reiseliv
- Olje og gass
- Fornybar energi
- Innovasjon Norge
- Interkommunal Næringsretta Utviklingsordning (INU)

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluerings/Resultat 2012
R4-1: Auke graden av foredling og auka omsetning i marin sektor i fylket	R4-1.1: Gjennomføring av handlingssplan – Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning og Vest Marin. Sterkare engasjement i fiskerisektoren	Handlingsplan arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning og Vest Marin er følgt opp.
R4-3-1: Styrke landbruket gjennom å utnytte naturgitte fortrinn	R4-3-1.1: Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen og auke næringsmessig utnytting av skog og utmark	Produksjon av mjølk og frukt og bær har auka, mens kjøttproduksjonen har hatt nedgang dei siste åra.
	R4-3-1.2: Auke rekruttering og heve kompetansen i næringa, og betre omdømmet	Har medverka i arbeidet for å auke rekruttering og heve kompetansen i næringa, og betre omdømmet.
R4-3-2: Reiselivet får auka lønnsemd og verdiskaping, oppfølging av handlingssplanen i frå reiselivsplanen	R4-3-2.1: Vekst på 3% i tal gjestedøgn årleg, 1 million over ein 15 års periode	Målet er nådd. Veksten i tal gjestedøgn var 5,9 %. Tal gjestedøgn i 2012 var 1 423 805 mot 1 345 561 i 2011.
vverking og volum tømmerdrift, ?) million over ein 15års periodeum ei nyhendesak og pressemelding før og etter møte i HPNskelegR 4-5: Olje og gass: Driftsorganisasjon til Florø	R4-5.1: Å få oljeselskap som skal byggje ut og drive felt utanfor kysten av Sogn og Fjordane til å leggje ein mest mogleg komplett driftsorganisasjon til Florø	Har arbeidd målretta med dette.
R4-6: Fornybar energi: Energiregion Sogn og Fjordane	R4-6.1: Etablering av arena-prosjekt	Det vart søkt om finansiering av prosjektet i 2012, men søknaden kom ikkje gjennom nålauget. Partane vil gjere eit nytt forsøk i 2013.

R4-7: Innovasjon Norge skal prioritere desse målgruppene ved tildelingar:

- kvinner
- ungdom
- innvandrarak

R4-7.1: Prosentvis mål for tildeling av midlane som går til:

- kvinner (40%)
- ungdom
- innvandrarak

Det har vore auke i dei nominelle løyvingane til kvinner og ungdom. 35 % av tilskota gjekk til kvinneprosjekt, og 12% av tilskota gjekk til ungdomsprosjekt. Innovasjon Noreg rapporterer ikkje på innvandrarak, men melder at dei har gitt to tilskot i 2012 til ein Inder og ei frå Nederland, til saman kr 450 000.

R4-8: Innovasjon Norge prioriterer arbeidet med å skape næringsklynger, og høgare innovasjonsgrad i tradisjonelle næringer

R4-8.1:Eitt nytt klyngeprosjekt i 2012

Innovasjon Noreg har etablert eit it klyngeprosjekt med fire mindre bedriftsnettverk innan reiseliv.

R4-9: Samarbeidet om INU-midlane blir meir

R4-9.1: Sakshandsaming skal gjerast i næringsavdelinga

Sakshandsaminga i 2012 vart koordinert innan næringsavdelinga.

tydeleg og effektivt

R4-10.1: Auke i talet på Forskings- og Utviklings- prosjekt (FoU) som oppnår finansiering gjennom Skattefunn, Regionale Forskingsfond og Norsk Forskingsråd sine bedriftsretta program

R4-10.1: Oppnå minst eitt hovudprosjekt og to forprosjekt finansierte innan kvar satsing kvart år, der me er deltakarak

I 2012 lyste Regionale forskingsfond ut midlar innan fire satsingar. Resultatet var:

Satsing	Forprosjekt	Hovudprosjekt
Mat	4	2
Energi	0	1
Offentleg	1	1
Reiseliv	3	2
Sum	8	6

Målet er nådd for hovudprosjekt, og nesten for forprosjekt.

R4-10.2: Bedriftsleiarar skal oppleve FoU som ei nyttig investering, Questback til utval

R4-10.2: Positiv indikator

Ikkje gjennomført.

Kritisk suksessfaktor: R5 Kommunane er ein viktig utviklingsaktør lokalt

- Gjennom betre samhandling med kommunane

Aktiv hjelpar i omstillingsarbeidet i aktuelle kommunar

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluering/Resultat 2012

R5-1: Styrke kommunane sitt strategiske arbeid

R5-1.1: Samordna planarbeid med plan- og samfunnsavdelinga

Planarbeidet er samordna med plan- og samfunnsavdelinga gjennom planteam, og gjennom møter i planforum.

R5-2-1: Styrke kommunane si operative rolle gjennom betre samhandling om næringsutviklingsarbeidet	R5-2-1.1: Gjennomføring av prosjekt kommunal næringsutvikling, oppslutnad om kursa og tiltaksforum	Gjennomført prosjekt kommunal næringsutvikling med kompetansehevingstiltak for kommunane. Godt oppmøte på kurs og på Tiltaksforum.
R5-2-2: Fleire nyetablerte verksemder	R5-2-2.1: Fokus på nyetableringar i kommunane	Liten nedgang i tal nyetableringar frå 896 i 2011 til 857 i 2012. Dette er likevel ei auke frå 2009 og 2010 då nyetableringar var på det lågaste med berre 815 og 756 bedrifter.

Kritisk suksessfaktor: R6 Fylkeskommunen har høg utviklings- og omstillingskompetanse

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R6-1: Omstillingsarbeidet skal byggje på handlingsplan i kvar kommune	R6-1.1: Ein etablert omstillingsorganisasjon i utvalde kommunar	Alle Omstillingskommunane etablerte eigen omstillingsorganisasjon.

Strategisk fokusområde: Økonomi (Ø)

Kritisk suksessfaktor: Ø1 Samsvar mellom mål og rammer

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
Ø1-1: Oppfatta samsvar mellom mål og rammer		Stort sett. På nokon områder er ambisjonsnivået større enn dei rammene som er disponible.
Ø1-2: Avvik i høve budsjett		Det er ikkje avvik i høve budsjett.

Kritisk suksessfaktor: Ø2 Tilfredsstillande økonomikompetanse

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
Ø2-1: Avvik mellom budsjett, tertialrapportar (prognosar) og årsrekneskap		Det er ikkje store avvik.
Ø2-2: Auka bruk av reiskapar og prosessar for økonomistyring		Arbeidet er i gang gjennom nytt rekneskapssystem for fylkeskommunen. Det er framleis forbettringspotensial som det vert jobba med.

Kritisk suksessfaktor: Ø3 Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

Ø3-1: Kostnad per eining/brukar
(korrigert for kvalitetsvurdering)

Har ikkje måletal.

Plan- og samfunnsavdelinga sine ansvarsområde

Strategisk fokusområde: Tenesteproduksjon/ Brukarperspektiv (T)

Kritisk suksessfaktor T1: Fylkeskommunen er ein heilskapleg og samordna serviceorganisasjon

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
T1-1: Brukarane er tilfredse med kvaliteten på fylkeskommunale tenester og opplever god service	T1-1.1 og T1-2.1: Delta aktivt i politika- roplæringa i kommunane	Hatt møte med 8-10 kommunar.
T1-2: Fylkeskommunen gir relevant rettleiing og samhandlar godt på tvers av fagområda med kommunane i plan- og tettstadsaker		Auka samhandling med kommunane gjennom møte med politikarar og administrasjon, planforum og samlingar. Mindre tidsbruk på fråsegn til reguleringsplanar, med unntak av planar for utvikling av tettstadsområde. Sjå og R3-1.

Kritisk suksessfaktor T2: Betre bestillarkompetanse

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
T2-1: Sikre best mogeleg tenestetilbod til lågast mogeleg pris	T2-1.1: At vi føl lov og reglar (ikkje bli saksøkt)	Følgjer lov om offentlege innkjøp og forvaltningslova.
T2-2: Utviklingskontrakter ved kjøp av varer og tenester	T2-2.1: Alle avtalar skal ha bakt inn krav til miljø/klima	Alle relevante innkjøpsavtalar skal ha bakt inn krav til miljø/klima i 2012 der det kan ha store miljøkonsekvensar
T2-3: Miljø og klima blir naturleg del av alle kontraktar	T2-3.1: Alle anbod knytt til samferdsle skal ha klima/miljøkrav som del av utlysing	Alle anbod knytt til samferdsle i 2012 skal ha klima/miljøkrav som del av kravspesifikasjonen.

Kritisk suksessfaktor T3: Velfungerande tenestetilbod

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
T3-1: Innbyggjarane i Sogn og Fjordane får tilboda dei etterspør	T3-1.1: Tilskotsordningane for ulike avdelingar er samordna i tid og i vurderingar	Fylkeskommunen har samordna søknadsfrist på tilskotsordningar mellom avdelingane.

Kritisk suksessfaktor T4: God informasjon til brukarane

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

T4-1: Brukarane har god kjennskap til tenestene til fylkeskommunen

T4-1.1: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si heimeside (plan og samfunn), Plannett, Fylkesatlas og Klimanettsida

Ligg ikkje føre statistikk på mengd treff på Plannett. Har ikkje gjennomført spørjeundersøking på bruk. Oppgradering ønskjeleg, men avventar ny og meir moderne plattform (sfj.no)

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011, men munnlege tilbakemeldingar viser til at brukarane er særleg fornøyd med Fylkesatlas.

Ligg ikkje føre statistikk på mengd treff på Plannett. Har ikkje gjennomført spørjeundersøking på bruk. Oppgradering ønskjeleg, men avventar ny og meir moderne plattform (sfj.no)

Bruken av Fylkesatlas fortset og auke. Frå 1.1 - 31.12.2012 var det 32.790 besøkande på sida, av dei var 14.283 unike brukarar. Dette er ein auke på over 30 prosent frå 2011.

Klimanettsida ligg lett tilgjengeleg med link frå fylkeskommunen si heimeside. Nyheitssaker vert regelmessig oppdatert. Har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2012.

Sida for satsinga på trygge lokalsamfunn vert oppdatert regelmessig med m.a. program for samlingar, referat og verktøykasse. Nyheitssaker vert også regelmessig lagt inn på nokre av sidene for folkehelseområdet.

Rapport for folkehelse 2011-2012 vart utarbeidd i samarbeid med delar av partnerskapen i løpet av 2012. Den er ferdig til distribusjon og bruk i 2013

T4-2: Fylkeskommunen si heimeside, Fylkesatlas, Plannett og Klimanettsida vert oppdatert og nytta aktivt	T4-2.1: Tal nyhende- og informasjon-sartiklar som vert lagde ut på fylkeskom-munen si heimeside	Plannett er ei enkel heimeside som vert oppdatert. Aktivt i høve møtedatoar og referat for planforum og linkar til rel-evante heimesider og andre kunnskap-skilder. Mindre aktivt på nyhende.
	T4-2.2: Plannett vert relansert	
	T4-2.3: Auke tal i treff på heimesidene	PSA sin side har vært besøkt 7.829 gonger i 2012. Dette er 3.657 færre besøkande en i 2011. Det er ein ned-gang på 32 prosent.
	T4-2.4: Minst 1 artikkel per veke for kvart team	
	T4-2.5: 5 % auke i tal treff	PSA hadde 54 nyhende saker i løpet av 2012. Det vil si at vi har ca 1 artikkel pr. veke.
		Plannett har blitt relansert.

Kritisk suksessfaktor T5: Gode rutinar/arenaer for brukarmedverknad

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluerings/Resultat 2012
T5-1: Brukarane opplever å kunne påverke innhaldet og kvaliteten i dei fylkeskommunale tenestene	T5-2.1: Delta på 1 årleg FNF-samling	Regional planstrategi er nytt grep i plan- og bygningslov. Oversikt og prioritering av kva planar ein vil gjennomføre i planperioden. Aktiv bruk av planforum, sjå R3-1, og vekt på fråsegner og dialog i tidleg planfase. Vi har ikkje gjennomført evalueringar på tenestetilbodet.
T5-2: Deltaking i nettverk for natur, miljø og friluftsliv		Fylkeskommunen har delteke på årleg FNF-samling. Møte med turlaget.
T5-3: Legge til rette for møteplassar for vilt- og innlandsfiskeforvaltning	T5-3.1: Minst eitt årleg seminar for vilt- og fiskeforvaltarar i Sogn og Fjordane	Gjennomført.

Strategisk fokusområde: Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor: R1 Kjenner utfordringane i fylket og aktuelle samarbeidspartar

- gjennom samhandling og kunnskapsutvikling

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluerings/Resultat 2012
R1-1: Fylkeskommunen har brei og kontinuerleg kontakt med kommunane, regional stat og nærings- og organisasjonslivet	R1-1.1: Gjennomføre årlege dialogmøter med kommunane og aktuelle NGO's	Det har vore brei og kontinuerleg kontakt innan vassforvaltning, friluftsliv, vilt og fiske, plan, klima/miljø, folkehelse.

R1-2: Vedlikehald og vidare utvikling av fylkesspegelen

R1-2.1: Fylkesspegelen vert oppdatert minst kvart halvår

Ein del er oppdatert, noko har vi ikkje hatt ressursar til å endre.

R1-3: Etablere systematisk samarbeid med FoU institusjonar for forskning omkring samfunnstema

Det har vore teke initiativ, men dette har ikkje blitt følgt opp. Folkehelse har etablert samarbeid med Høgskulen ved avdeling for lærarutdanning og idrett og avdeling for helsefag omkring forskning, undersøkingar og systematisering av data.

Det er gjennomført tre prosjekt.

R1-4: Forskingsprosjekt knytt til klima vert operasjonalisert i regionale og kommunale planar/tiltak

Klimaindikatorprosjektet var gjennomført i 2012, og resultatene vert nytta inn mot rullering av tiltaksdelen i fylkesdelplan for klima og miljø i 2013.

Kritisk suksessfaktor: R2 Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og partnerskap

Måleindikatorar

Ambisjonsnivå

Evaluerings/Resultat 2012

R2-1: Ta ei tydeleg leiarolle i partner-
skapen

R2-1.1: Etablere langsiktige samhan-
dlingsfora gjennom arbeidet med region-
al planstrategi.

Det vart etablert arena mellom offen-
tlige, privat og sivil sektor i samband
med regional planstrategi. Samarbeidet
vart ikkje vidareført.

R2-1.2: Ha oppdaterte forpliktande sam-
handlingsavtalar med FM og DS.

Gjennomført plansamling for kommu-
nane i april. Elles utstrakt møteverksemd
med politiske og administrativ leiing i
kommunane og regionråda i samband
med kommunal planstrategi, regional
planstrategi og kommuneplan.

R2-1.3: Ta ansvar for å utvikle regional
politikk på prioriterte samfunnsområde
basert på kjende utfordringar og poten-
sial.

Fylkessatsingar på fleire temaområde:
skader og ulykker etter TL-modellen,
systematisk arbeid for å auke kom-
petansen i fylket på ernæringspørsmål,
oppfølging og støtte til kommunane i
satsinga på Danseverkstadane.

Har teikna utviklingsavtalar med 2 frivil-
lige organisasjonar og tre kommunar i
2012.

Det er etablert forpliktande samar-
beidsavtalar med fylkesmannen og Dis-
triktssenteret.

Strategi for vilt og fiskeforvaltning er
vedteken i 2012.

R2-2: Endre rolla frå økonomisk kasse til
politisk kapital og kompetanse

R2-2.1: Etablere utviklingsavtalar med
regionråda basert på regional planstrate-
gi og kommunale planstrategiar som
grunnlag for tilskot

Ikkje oppnådd i 2012. Under arbeid for
avtalar i 2013.

R2-3: Samarbeidspartane våre er
nøgde med arbeidet vi gjer og måten
fylkeskommunen leiar arbeidet på

R2-3.1: Etablere gjensidige partnerska-
psavtalar med organisasjonane knytt til
FNF.

Gjennomført. Avtale er etablert .

LUK satsinga får positive tilbakemeldin-
gar frå kommunane.

Årlege samlingar for bulystprosjekta.

I arbeidet med forvaltningsplanen for
Ornes har samarbeidet kunne lukkast
betre, planen er likevel eit godt utgang-
spunkt for vidare samarbeid.

R2-4: Konkrete mål i prosjekta, der slike er definerte, vert nådde	R2-4.1: Tett oppfølging av prosjekta som får status som Bulyst-prosjekt	Det er gjennomført kurs og opplæring. Nokre tiltak er ikkje prioritert pga endring i personalsituasjon.
R2-5: Etablere og administrere nettverk innan prioriterte område	R2-5.1: Tal kommunar i folkehelsenettverket vert auka (frå dagens 21)	Avdelinga driftar eit fylkesnettverk for satsinga på Trygge lokalsamfunn saman med åtte kommunar, og har gjennomført fire samlingar og kurs for nettverket i 2012. Det er etablert ei referansegruppe med kommunale, fylkeskommunale, statlege og frivillige. (12 kommunar deltek frå 2013). To kommunar har fått prosessrettleiing knytt til Trygge lokalsamfunn. Det er etablert fylkesnettverk for universell utforming og gjennom dette arrangert tre temakonferansar, fleire kurs og samlingar for kommunar, bedrifter, frivillige organisasjonar og andre målgrupper. Partnerskap for folkehelse har hatt to samlingar. Nettverket for danseverkstader har også hatt to samlingar. Kantinenettverket har hatt ei samling (i samarbeid med OA), og nettverket for ernæring og tobakk har hatt 4 samlingar (dette er drifta av tannhelsa på oppdrag frå PSA)
R2-6: Bidra til eit positivt samspel mellom aktørar i arbeidet med forvaltningssplan for vassressursane	R2-6.1: At aktørane både regionalt og lokalt er nøgde med prosessane og sjanse til medverknad	Scenariokonferanse om viktige trendar og utfordringar i vassregionen vart avvikla på Skei 9. mai for medlemar av vassregionutvalet og regional referansegruppe. Vassområdeutval er oppretta for alle fire vassområda. Prosjektleiingar er tilsett for å drifte vassområda og har ansvar for at tiltaksanalysen vert utarbeid. Dokumentet Vesentlege vassforvaltningsspørsmål er sendt på høyring 2.7.12 med høyringsfrist 31.12.12. Framdriftsplanen har blitt fylgt opp etter vassforskrifta. Det vert skrive eller laga politiske saker ang. alle vasskraftsaker, kraftlinjesaker og vindkraftsaker.

Kritisk suksessfaktor: R3 Tenesteproduksjonen i fylkeskommunen er viktig for den regionale og lokale utviklinga

R3-1: Meir heilskapstenking og medvit om målkonfliktar mellom utviklingsaktøren og tenesteytaren

R3-1.1: Gjennomføre minst 8 møter i planforum for drøfting av lokale/regionale planar

Planforum vart i 2012 halde 15 gonger med til saman 22 separate møter. Søkt gjennomført tidleg i den kommunale planfasen for å unngå konfliktar. Større vekt på KPL samfunnsdelen.

R3-2: Aktiv part for å halde eit lågt tal på motsegner

Sjå R3-1 om planforum. Også fokus på fråsegner tidleg i plansaker med tydeleg signal om kva vi meiner er beste løysingar. I 2011 vart eigen rettleiar for utarbeiding av reguleringsplan utarbeidd og oversendt kommunane, og arkitektkontora i fylket, og ligg ute på Plannett.

Kritisk suksessfaktor: R4 Ein meir målretta regional utviklingsaktør

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R4-1: Større fokus på kunnskapsintensivitet og verdiskapingspotensial	R4-1.1: Gjennom arbeidet med RPS utarbeide notat som viser ulike sider ved kunnskap som utviklingsfaktor og ulike verdiskapingspotensial i fylket	Var ein del av «Eit kunnskapsbasert S&F».
R4-2: Målrette økonomisk støtte mot regional verdi/effekt	R4-2.1: Knytte økonomisk støtte til realisering av vedtekne strategiske utviklingsplanar	Er ein del av dei faste kriteria for å gje tilskot.
R4-3: Utnytte naturgitte fortrinn		Ingen spesifikke ambisjonar.
R4-4: Større fokus på samfunnsmessige konsekvensar av arealplanlegging	R4-4.1: Støtte kommunane i konseptplanfasen for å styrke fokus på regulering av verdjar. R4-5.1: Bidra til å sikre basisfinansiering av organisasjonar	Med endringar i plan- og bygningslov har verktøyet planstrategi og styrking av KPL samfunnsdel kome inn. Vi har prioritert å gje fråsegn til planstrategi og samfunnsdelen. KPL samfunnsdel har og fått auka fokus i planforum, og med tilpassing av deltakarar i forumet til slike saker.
R4-5: Auke samarbeidet med organisasjonar med viktig supplerande kunnskap		FK bidrog med 200.000 kr i basisfinansiering til Sogn og Fjordane turlag. PSA og KA har samarbeidd om å utarbeide framlegg til standar avtaletekst for utviklingsavtaler mellom FK og frivillige organisasjonar. Det er inngått utviklingssavtale med Sogn og Fjordane skirins og Redningsselskapet.
R4-6: Styrke den regionale utviklingsevna gjennom å utnytte handlingsrommet i regional planlegging	R4-6.1: Regional planstrategi skal gi tydelege utviklingsretningar R4-6.2: Regional planlegging skal bidra til auka tillit og samhandling	Vedteke ikkje å gå vidare med i 2012.

Kritisk suksessfaktor: R5 Kommunane er ein viktig utviklingsaktør lokalt

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R5-1: Styrke kommunane sitt strategiske arbeid gjennom rettleiing knytt til utarbeiding av kommunale planstrategiar	R5-1.1: Gjennomføre prosessleiarkurs for minst 5 kommunar med tverrsektoriell deltaking	Gjennom utarbeiding av kartfesta statistikk, rettleiing i planforum og deltaking i kommunemøtar er kommunane styrka i sitt strategiske arbeid.
R5-2: Styrke kommunane si operative rolle	R5-3.1: Etablere utviklingsavtalar med minst 5 kommunar basert på vedteken kommunal planstrategi	Det er gjennomført kurs i prosessleiing for lokalsamfunn som gir auka forståing av planleggingsmetodikk for mobilisering og kapabilitet. Det er også gitt støtte til pilotar på samhandling mellom kommune og gjennomføring lokalt. I arbeidet med Trygge lokalsamfunn, Danseverkstadane og i ernæringsarbeidet er eit av måla å auke fag-, prosess- og gjennomføringskompetansen i kommunane ved hjelp av kurs og rettleiing.
R5-3: Bygge ned prosjektfokus og erstatte med utviklingsavtalar	R5-4.1: Gjennomføre konkrete samtalar der ein blir kjent med vedtaksprosessar som får konsekvensar for fylkeskommunen	Førebuande arbeid i gang. Ingen avtalar etablert.
R5-4: Ny dialog om samfunnsmessige konsekvensar av lokale vedtak		Samfunnsdiskusjonar etablert som del av handsaming av kommuneplanar i Planforum.

Kritisk suksessfaktor: R6 Fylkeskommunen har høg utviklings- og omstillingskompetanse

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
R6-1: Våre samarbeidspartar er tilfredse med fylkeskommunen sin prosjektleiarevne og bransjekunnskap	R6-1.1: Fylkeskommunen sin kompetanse vert etterspurt og komplementær til kommunar og andre samarbeidsaktørar	Etter førespurnad har FK vore kopla på utviklingsprosessar i 4 kommunar.
R6-2: Fylkeskommunen vert vurdert som ein viktig aktør i kommunane sine omstillingsprosessar		Ingen konkrete ambisjonar.

Strategisk fokusområde: Økonomi (Ø)

Kritisk suksessfaktor: Ø1 Samsvar mellom mål og rammer

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat 2012
-----------------	---------------	--------------------------

Ø1-1: Oppfatta samsvar mellom mål og rammer	Ø1-1.1: 100 % oppfatta samsvar.	Ja, det er brukt av ramma til alle mål som var sett.
---	---------------------------------	--

Ø1-2: Avvik i høve budsjett	Ø1-2.1: Avvik maks ± 2 %	Det er ikkje store avvik.
-----------------------------	------------------------------	---------------------------

Kritisk suksessfaktor: Ø2 Tilfredsstillande økonomikompetanse/God økonomistyring

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluerings/Resultat 2012
-----------------	---------------	---------------------------

Ø2-1: Avvik mellom budsjett, tertialrapportar (prognosar) og årsrekneskap	Ø2-1.1: Avvik med ± 2 %	Det er ikkje store avvik.
---	-----------------------------	---------------------------

Ø2-2: Auka bruk av reiskapar og prosessar for økonomistyring	Ø2-2.1: Etablere regnskapssystem for prosjekt og einskildtema med fagansvar for kontroll og oppfølging	Arbeidet er i gang gjennom nytt rekneskapssystem for fylkeskommunen. Det er framleis forbettringspotensial som det vert jobba med.
	Ø2-2: Auka bruk av reiskapar og prosessar for økonomistyring	

Kritisk suksessfaktor: Ø3 Effektiv ressursbruk og tenesteproduksjon

Måleindikatorar	Ambisjonsnivå	Evaluerings/Resultat 2012
-----------------	---------------	---------------------------

Ø3-1: Kostnad per eining/brukar (korrigert for kvalitetsvurdering)	Ø3-1: Kostnad per eining/brukar (korrigert for kvalitetsvurdering)	Tilfredsstillande.
--	--	--------------------

Vedlegg 3

Saksoversyn Hovudutval for plan og næring

- 1/12 - Skriv og meldingar
- 2/12 - Føringer for verkemiddelbruk 2012 - Innovasjon Norge.
- 3/12 - Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2012.
- 4/12 - Løyving og føringer for 2012 - programstyret for entreprenørskap og nyskaping
- 5/12 - Budsjett 2012 plan og næring - fullmakter
- 6/12 - Nye retningslinjer for kommunale næringsfond frå 2012
- 7/12 - Søknad om omdisponering av tilskot til Sunnfjord Hamn
- 8/12 - Nytt næringshageprogram - vurdering av søknader for 2012.
- 9/12 - Innspel til jordbruksforhandlingane 2012
- 10/12 - Regionale utviklingsmidlar 2012 - Fordeling I
- 11/12 - Handlingsplan for oppfølging av reiselivsplanen «Fjordane frå Bre til Hav» 2012
- 12/12 - Skriv og meldingar Hovudutval for plan og næring 13. mars 2012
- 13/12 - Partnerskapsavtale mellom fylkeskommunen og Redningsselskapet
- 14/12 - Utstyrsentral for ungdom - tildeling av tilskot til kommunar
- 15/12 - Tettstadforming 2012
- 16/12 - REKOMP styreperiode 2012-2016
- 17/12 - INU-FSF - ny fylkeskommunal representant i styret
- 18/12 - Regionale utviklingsmidlar 2012 - Fordeling II
- 19/12 - Kommunale næringsfond - tildeling 2012
- 20/12 - Prosjekt Kommunal næringsutvikling - Statusrapport 2011 og Handlingsplan 2012
- 21/12 - Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012 - 2014
- 22/12 - Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020
- 24/12 - Søknad på midlar til prosjektet Mellom Fjell, Fjord og Folk 2012 Naturarven som verdiskapar
- 25/12 - Prioritering av Bulystsøknadar med eventuelle medfinansieringar
- 26/12 - Søknad om fylkeskommunal medfinansiering til bulystprosjektet "Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт"
- 27/12 - Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2012
- 28/12 - INU-FSF - årsrapport 2011 og handlingsplan for 2012-13
- 29/12 - Årsmelding 2011 - Hovudutval for plan og næring
- 30/12 - Skriv og meldingar
- 31/12 - Skriv og meldingar til Hovudutval for plan og næring
- 32/12 - Utlysing av midlar til breibandutbygging fase 8
- 33/12 - Regionale utviklingsmidlar 2012 - Fordeling III
- 34/12 - Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2012
- 35/1 - Søknad om midlar til gjennomføring av Kvinnovasjon 2012 i Sogn og Fjordane.
- 36/12 - Tertialrapport 1/12
- 37/12 - Overordna satsing på verdiskaping i Sogn og Fjordane

- 38/12 - Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2011
- 39/12 - Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommunen om brotet i jordbruksforhandlingane
- 40/12 - Skriv og meldingar til hovudutval for plan og næring 19. juni 2012
- 41/12 - Budsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 - utfordringsdokument for sektoren plan og næring
- 42/12 - Retningslinjer for verkemiddelbruk - næringsretta satsingar
- 43/12 - Ny heilskapleg verdsarvpolitikk
- 44/12 - Oppstart av planarbeid - Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 - 2017 Revisjon av FDP 2010 -2013
- 45/12 - Skriv og meldingar - hovudutval for plan og næring 25.09.2012
- 46/12 - Kristofer Lehmkuhls Fond til fremme av Norsk Næringsliv Oppnemning av styremedlem og varamedlem
- 47/12 - Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet
- 48/12 - Poltisk representant til nettverket Kystskogbruket
- 49/12 - Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet
- 50/12 - Programstyre for fornying av offentlig sektor og IKT
- 51/12 - Avvikling av programstyret for "Folkehelse og livsutfalding" og vidare satsing
- 52/12 - Tertialrapport 2/12
- 53/12 - Budsjett 2013 -
- 54/12 - Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017 - endeleg planprogram
- 55/12 - Omstillingsløyving 2012 Omstillingsstatus Søknad frå Lærdal kommune
- 56/12 - Søknad om midlar til regional næringsfond for 2012 - Aurland - Vik - Voss
- 57/12 - Prioritering av breibandsøknader: breibandutbygging fase 8
- 58/12 - Regionale utviklingsmidlar 2012 - fordeling IV
- 59/12 - Skriv og meldingar - Hovudutval for plan og næring
- 60/12 - Målekart for plan og næring
- 61/12 - Skriv og meldingar - Hovudutval for plan og næring
- 62/12 - Møteplan 2013 - Hovudutval for plan og næring
- 63/12 - Budsjett 2013/Økonomiplan 2013-16
- 64/12 - Regionale utviklingsmidlar 2012 - Fordeling V
- 65/12 - Statusrapport 2008-2012 - Oppfølging av Melding om Kystskogbruket
- 66/12 - Mandat for utval som skal sjå på entreprenørsatsinga og val av politiske representantar.
- 67/12 - Årdal kommune - søknad om tilskot
- 68/12 - Regionale forskingsfond 2013
- 69/12 - Høyring - endringar i akvakulturloven
- 70/12 - Strategi for vilt- og fiskeforvaltning
- 71/12 - Fylkespris iderike bygdesamfunn 2012

Vedlegg 4

Sentrale politiske saker

FYLKESTINGET HANDSAMA

6/12 - Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012 - 2014

7/12 - Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020

22/12 - Ev. bruk av fylkeskommunal forkjøpsrett ved konsesjonspliktig fallerverv

30/12 - Arbeidet med Stortingsmelding for Innovasjon Norge og SIVA

37/12 - Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2011

48/12 - Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012 - 2016

53/12 - Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012 - 2016, geografisk avgrensa regionale planar

61/12 - Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, endeleg vedtak

HPN-SAKER TIL FYLKESUTVALET

9/12 - Innspel til jordbruksforhandlingane 2012

21/12 - Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2012 - 2014

22/12 - Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020

36/12 - Tertialrapport 1/12

43/12 - Ny heilskapleg verdsarvpolitikk

44/12 - Oppstart av planarbeid - Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014 - 2017 Revisjon av FDP 2010 Sak 2013

47/12 - Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet

52/12 - Tertialrapport 2/12

63/12 - Budsjett 2013/Økonomiplan 2013-16



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: Trygge lokalsamfunn.
Foto: Andreas Isaksen Dahl.